

# Høringsmatrise

Avsender	Merknad	Sjøfartsdirektoratets kommentar
	<p><b>Kommuner, fylkeskommuner og havnevesen</b></p>	
<p><b>1. Aurland kommune, ordfører</b></p>	<p>Det er nyleg gjennomført kommuneval med konstituerande møte 05.10.2023. Verken ny eller tidlegare politisk leiing i Aurland kommune støttar fråsegna frå Verdsarvrådet. Då fråsegna vart handsama i rådet, oppfatta ikkje tidlegare representant frå Aurland i tide at framlegg til fråsegn ikkje var i samsvar med Aurland kommune sitt syn.</p> <p>Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er eit konsensusorgan. Fråsegna som er sendt har ikkje grunnlag i konsensus blant rådsmedlemmane sine lokale og regionale myndigheiter, jf. uttale frå Aurland kommune, Stranda kommune, Vik kommune, Voss kommune, Fjord kommune, Vestland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. Fråsegna skulle difor ikkje vore avgjeven. Den gjev ikkje uttrykk for konsensus blant rådsmedlemmane. Omstenda med høyringsfrist kring kommune- og fylkestingsvalet inneber at saka ikkje kan handsamast på nytt i Verdsarvrådet før alle rådsmedlem har konstituert nytt leiarskap, og deretter at rådet konstituerer seg sjølv. Aurland kommune vil ta initiativ til ny handsaming av fråsegna, men Sjøfartsdirektoratet lyt pårekna noko tid for dette. Aurland kommune ber om at dette vert teke til vitande på noverande tidspunkt i samband med vidare handsaming av saka.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>
<p><b>2. Aurland kommune, kommunestyret</b></p>	<p>Vedtak frå kommunestyret: Aurland kommune vurderer at framlegget vil medføre store negative samfunnsmessige konsekvensar for Aurland kommune i form av redusert verdiskaping og sysselsetting innan næringslivet, samstundes som det verken gagnar miljø eller andre samfunnsomsyn. Forslaget inneber i realiteten ei avviking, og ikkje ei utvikling av cruiseturismen i verdsarvfjordane. Stortingsvedtak 690/21 og 691/21 er ikkje teke til følgje i framlegget. Det må etablerast ei langt betre overgangsløysing som sikrar både krav til bruk av nullutsleppsløysingar og cruisetraffikk i overgangsperioden 2026 – 2035. Aurland kommune syner til Aurland hamnevesen KF sitt landstraumsprosjekt og Destinasjon Flåm – ein energihub for framtidens reiseliv, som syner meir eigna løysingar for klima og miljø, turist- og destinasjonsutvikling og ivaretaking av verdsarvfjordane. Regelverket må innrettast og</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Som følge av høringsinnspillene har Sjøfartsdirektoratet lagt opp til to alternative forslag som departementet skal ta stilling til i det vidare arbeidet. Her er det åpnet for en endring av overgangsordningen til å tillate bruk av biogass og andre kvalifiserte drivstoff, se anbefalingsbrevet punkt 2 med følgende.</p>

	<p>tilpassast realisering av prosjekta som føreset framtidig cruisetrafikk på minimum nivå tilsvarande Tier III.</p> <p>Ei avklaring er på overtid i høve reelle mogelegheiter til å tilpasse seg innan fristen, og realitetane for 2026 må avklarast snarast og for seg, for å unngå uforholdsmessige lokale tap som følgje av uvisse.</p> <p>Me viser ellers til Aurland Hamnevesen KF sitt høyringssvar.</p>	
<b>3. Vik kommune</b>	Vik kommune sluttar seg til Sogn regionråd si fråsegn.	Se kommentarer til innspill nr. 10 (Sogn Regionråd)
<b>4. Aurland Hamnevesen KF</b>	<p>Konklusjon:</p> <p>Framlegget kan ikkje innførast. Fordi,</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Framlegget sikrar ikkje tilstrekkeleg cruisetrafikk til Flåm etter 2026 for etablering av landstraum.</li> <li>2. Framlegget sikrar ikkje cruisetrafikk i 2026 i det heile tatt.</li> <li>3. Framlegget gjev uforholdsmessige ulemper lokalt som ikkje kan akseptertast.</li> <li>4. Framlegget gjev negativ klimavinst i seg sjølv, og forhindrar lokale planar om store utsleppskut på tvers av sektorar i Flåm.</li> <li>5. Framlegget er ikkje teknologinøytralt.</li> <li>6. Det ligg føre fleire avvik i høve minimumskrav i utgreiingsinstruksen.</li> </ol> <p>6. Framlegget har fleire retslege svakheiter i høve heimel i skipssikkerheitslova og den maritime tenestefridomen i EØS-avtalen.</p> <p>For cruiseskip er det mogeleg å setje krav om bruk av landstraum der dette er tilgjengeleg, i tillegg til allereie innført Tier III krav frå 2025. Det kan også vere mogeleg å auke omfanget av cruiseskip som omfatst av eit nullutsleppskrav frå eit tidlegare tidspunkt opp mot 40 000 BT.</p> <p>Den prosessuelle bestemminga i oppdragsbrevet frå Klima- og miljødepartementet om involvering av kommunar og hamnemyndigheiter eksplisitt, er etter vårt syn ikkje følgd opp på forsvarleg måte.</p> <p>Sjøfartsdirektoratet har utgreidd konsekvensane i høve cruisetrafikk med framlegget om krav om fylling av biogass tilsvarande energibehovet i verdsarvfjordane. Hamnevesenet har orientert seg i marknaden av cruisereiarlag. Atendemeldinga er at ingen cruiseskip vil anløpe Flåm frå 2026 med føreslegen regulering. Hamnevesenet har 59 kaibestillingar i 2026, derav alle er varsla kansellert om forslaget vert vedteke. Det alt vesentlegaste av bestillingar gjeld skip som uanset er avskore frå høve til å nyte biogass, fordi skipa ikkje er bygd for bruk av flytande naturgass.</p> <p>Konsekvensen for hamnevesenet er at framhald i drift av cruisehamn ikkje er økonomisk berekraftig.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>En rekke av innspillene som kom inn i høringsrunden viser til at forslaget som ble presentert hadde klare svakheter.</p> <p>Vi har nå gjort endringer i forslaget og presenterer to alternative forslag, som i større grad vil åpne for cruisetrafikk i 2026. Vi mener at de endrede forslagene vil dempe de lokale virkningene som et nullutsleppskrav vil ha for verdensarvfjordene. Det er fremmet alternative forslag som åpner for bruk av andre drivstoff enn bare biogass, som vil gi mer trafikk i verdensarvfjordene. Mer trafikk vil gi bedre økonomiske rammebetingelser, trygge arbeidsplasser og bosetting i fjordene. Se vårt anbefalingsbrev for ytterligere informasjon.</p>

	<p>Konsekvensane for lokal ruteproduksjon er i liten grad utgreidd frå Sjøfartsdirektoratet si side, som har eit stort fokus på cruise.</p> <p>Menon Economics har vurdert den økonomiske verknaden av framlegget. Hamnevesenet lyt påpeike at Menon i sit talmateriale vel å samanlikne med ein berekna framtidssituasjon i 2025, då innføring av Tier III kravet til utslepp av NOx trer i kraft. I 2025 er aktiviteten allereie rekna å vere halvert i høve dagens nivå. Hamnevesenet vurderer det som villeiande å nyte desse tala i høyringsbrevet utan å påpeike dete tilhøvet. I høve økonomi og arbeidsplassar lokalt vil den akkumulerte effekten av innført og føreslege regelverk difor vere om lag det dobbelte av oppgitte tal i høyringsbrevet.</p> <p>Hamnevesenet si kontrollrekning mot eit meir naturleg referanseår, 2019, basert på det same grunnlagsmateriale og føresetnader som Menon har gjort i sin analyse, syner eit fall i omsetnad i lokal omsetning på 194 millionar kroner, tap av overskot på 78 millionar kroner og tap av 120 årsverk lokalt, berre for næringslivet tilknyt aktiviteten i Aurlandsområdet. I lokal målestokk er dette svært alvorleg.</p> <p>Menon Economics har kome fram til at framlegget har klimaeffekt kring null, fordi cruiseskipa byter hamn i staden for å innrete seg eter krava ved bruk av biogass eller investeringar i miljøteknologi. Dette inneber at framlegget er ueigna til å nå mål om reduksjon i utslepp av klimagassar.</p> <p>Hamnevesenet syner til at skipsikkerheitslova er avgrensa til eit verkeområde for eigna tiltak for å trygge liv og helse, miljø og materielle verdiar ved å leggje til rette for god skipssikkerheit og sikkerheitsstyring, herunder hindre ureining frå skip. Framlegget er retta mot miljø, men med dokumentert negativ verknad i høve miljø meiner hamnevesenet det ikkje er heimel til framlegget i skipssikkerheitslova.</p> <p>Vidare har hamnevesenet innhenta ei ekstern vurdering frå SANDS Advokafirma DA i høve den EØS-retslege kompatibiliteten til framlegget.</p> <p>Hovudkonklusjonen er:</p> <p><i>Det EØS-rettslige utgangspunktet er at et slikt krav vil utgjøre en restriksjon på rederiers, og andres, mulighet til å gjøre bruk av den maritime tjenestefriheten under EØS-reglene. Slike restriksjoner tillates bare der de kan rettferdiggjøres. Det innebærer at restriksjonen må forfølge visse legitime formål, typisk allmenne samfunnshensyn, at den må være egnet og nødvendig for å nå disse formålene, og at målene må være forholdsmessige opp mot skaden eller kostnaden</i></p>	
--	--	--

*restriksjonen medfører. Vår overordnede konklusjon er at et krav om nullutslipp av visse klimagasser i verdensarvfjordene mest sannsynlig ikke kan rettferdiggjøres. Tvert imot fremstår kravet som både uegnet og unødvendig, til og med potensielt kontraproduktivt, holdt opp mot de uttalte formål med forslaget.*

Framlegget har difor klare rettslege svakheiter. Mål og middel verkar ikkje å hengje saman.

Hamnevesenet ynskjer at Sjøfartsdirektoratet gjer ei eiga vurdering av dei regulatoriske avgrensingane skipssikkerheitslova og den maritime tenestefridomen under EØS – reglane gjev i denne saka.

I miljø sikkerheitsforskrifta § 14c er det innteke reglar for skip over 1000 bruttotonn, unnateke lasteskip, som seglar i verdsarvfjordane. Reglane er svært inngripande, og Menon Economics bereknar at § 14 c inneber ei halvering av cruisetrafikken i verdsarvfjordane frå 2025. Cruisereiarlag som har innretta seg etter dette har lagt ned ein betydeleg ressursbruk. Ingen av desse er compatible med bruk av biogass, og kan heller ikkje bli det. Reiarlaga som har innretta seg endar opp som den store taparen, med berre eit års verknadstid til å betene ei investering på over 100 millionar kroner per fartøy. Kravet til forutbereknlegheit i forvaltninga tilseier at Tier III skip dermed skal ha ein rett til å framleis kunne anløpe verdsarvfjordane, også etter 2026.

Hamnevesenet har fått tilsegn hjå Enova for etablering av landstraum for cruise. Enova dekkar 21% av totalkostnaden med investeringa. Investeringa føreset framhald av cruisetrafikk på minimum Tier III nivå etter 2026 for å kunne forsvare investeringa økonomisk. Investeringa gjer 65% av cruiseaktiviteten i verdsarvområdet til nullutslipp. Prosjektet er klart til realisering. Framlegget til Sjøfartsdirektoratet eliminerer landstraum som alternativ, fordi trafikkgrunnlaget er utilstrekkeleg.

Hamnevesenet har saman med Hafslund, Bellona, Norways best, Sygnir og Ocean Hyway Cluster gjennomført eit arbeid i høve etablering av Flåm som ein energihub for framtidens reiseliv. Rapporten følgjer i vedlegg 4. Arbeidet er utført i same tidsperiode som Sjøfartsdirektoratet gjennomførte si saksutgreiing. Sjøfartsdirektoratet leverte 3. januar, prosjektgruppa leverte 23. februar. Dette inneber at prosjektresultatet så langt ikkje er innarbeidd i vurderinga av eigna regelverk, og at dette kan gjerast no. Prosjektet har

	<p>forsøkt å svare ut alle stortingsvedtaka i saka på best eigna måte, der også lokale tilhøve er teke i betraktning.</p> <p>Samla klimagassreduksjon er rekna til 34 000 tonn CO2 per år. Straumkapasiteten i området med trong for oppgraderingar, og innretninga av anleggsbidragsmodellen for nettilkopling i Noreg gjer at landstraum til cruise er utløysande for realisering av resterande tiltak. Samla investeringskostnad er vurdert til 400 millionar kroner.</p> <p>Føresetnaden for å lukkast er difor lik som for etablering av landstraum for cruise; eit regelverk som sikrar framhald av cruisetrafikk på minimum Tier III nivå.</p> <p>Hamnevesen, kommune og lokalt næringsliv initierer til realisering av tiltak med dokumentert langt høgare klimavinst jf. prosjektet for landstraum til cruise og Flåm – ein energihub for framtidens reiseliv. Løysingane føreset framhald av cruisetrafikk på minimum Tier III nivå. Å unngå uforholdsmessige konsekvensar lokalt talar for det same.</p> <p>Landstraum er det einskildståande mest verknadsfulle tiltaket for å redusere utslepp i verdsarvfjordane. Landstraum er ein absolutt nullutsleppsteknologi, og teknologien er moden. Så godt som alle Tier III skip er innretta slik at dei kan kople seg til. EU har varsla krav om tilkopling til landstraum der det er tilgjengeleg. Likelydande formulering er eigna for verdsarvfjordane. Då lyt regelverket innretast slik at landstraum kan realiserast der det er mogeleg, som i Flåm. Då lyt trafikkgrunnlaget vert ivareteke på minimum Tier III nivå. Det inneber at landstraum + Tier III anten lyt vere eit sjølvstendig alternativ, eller at eventuelle tilleggskrav ifht. framdriftsteknologi i liten grad kan påverke trafikktilgangen til anlegget.</p> <p>Sjøfartsdirektoratet syner til biogass som nullutsleppsløysing basert på eit ikkje lenger gjeldande politisk stortingsvedtak om likestilling av biogass og nullutsleppsløysingar. EU på si side likestiller biogass og andre biobaserte drivstoff i sit fornybardirektiv. Hamnevesenet meiner ein skal ha tungvegande grunnar om ein skal skilje lag med Eus definisjonar, utan at dette kjem fram i saka.</p> <p>Biogass eller krav til bruk av andre biobaserte drivstoff inneber ein betydeleg meirkostnad ved anløp til Flåm kontra andre norske hamner. Reiarlaga seglar tvillaust der det er økonomisk mest fordelaktig å segle. Når reiarlaga skal planleggje sine seglingsruter, vil lokal hamn og lokalt næringsliv verte utfordra på å kompensere for denne tilleggskostnaden i form av reduserte prisar. Dette reiser eit prinsipielt spørsmål om intensjonen bak vedtaka er ivareteken.</p>	
--	---	--

	<p>Sjøfartsdirektoratet har gjort greie for at teknologien er klar for mindre fartøy innan 2026. Gradvis vil teknologien kunne verte tilgjengeleg også for større fartøy. Sjøfartsdirektoratet har vurdert innslagspunktet for overgangsordning til å vere ved 10 000 BT, utan at grensa er nøyare vurdert.</p> <p>Flåm har i 2023 anløp av eit fåtal cruiseskip under 10 000 BT, som vil få eit absolut nullutsleppskrav allereie frå 2026. Eit alternativ kan vere å auke dete innslagspunktet frå eit tidlegare tidspunkt. Ved ein auke til dømes 40 000 BT frå 2028, ville dette gått ut over 23 av 115 cruiseanløp til Flåm i høve årets anløpsliste. Økonomisk 6tgjerd esse skipa i år om lag 3% av den totale omsetninga frå cruise i destinasjonen. Eit tidlegare krav til nullutslepp for fleire skip vil altså vere foreinleg med etablering av landstraum og destinasjon Flåm. Samstundes vil det innebere at ein får testa effekten av reguleringa i marknaden i høve opptak av ny miljøteknologi før kravet kan gjelde alle skip.</p>	
<p><b>5. Karmsund Havn IKS</b></p>	<p>Karmsund Havn IKS har de siste 10 årene gjort store investeringer i blant annet infrastruktur på land, landstrøm til cruise, utdypninger og tilrettelegging for LNG bunkring. Vi har et sterkt fokus på at Haugesund skal være en bærekraftig og klimavennlig cruisedestinasjon, og gjør investeringer deretter. Vi mener at havnene i tett samarbeid med rederiene, kan utvikle næringen i en stadig mer bærekraftig retning, - i takt med teknologiutviklingen. Vi har blant annet tatt i bruk EPI, og differensierer havneavgiftene etter skipenes miljøscore. For 2024 er kravet til miljøscoren for å få rabatt i stedet for ekstragebyr lagt enda høyere. Slik vil vi fortsette å sette strengere krav hvert år.</p> <p>Karmsund Havn mener forslaget vil få konsekvenser for cruiserederienes satsning i Norge og vil kunne føre til betydelig reduksjon i antall anløp til alle cruise destinasjonene i Norge i årene etter 2026. Dette vil få store negative konsekvenser for alle som har gjort investeringer, og tilrettelagt for arbeidsplasser og verdiskapning basert på turistformen. Samtidig vil det ikke redusere de globale klimagassutslippene, ettersom skipene vil seile til andre land i stedet. Man taper dermed viktig verdiskapning i Norge, uten klimagevinst.</p> <p>Karmsund Havn stiller seg derfor bak høringsuttalelsene til Norske Havner og Cruise Norway, og ønsker spesielt å trekke frem følgende sitater fra deres uttalelser:  <i>«Norske Havner mener at Sjøfartsdirektoratet/ departementet må legge seg på den linjen som er beskrevet i cruisepiloten i Grønt Skipsfartsprogram. Forslag som vil bidra til en betydelig mer klimavennlig cruisenæring i 2030 og en nullutslippsnæring innen</i></p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Se Norske Havner sin uttale – viser til Cruisepiloten i Grønt Skipsfartsprogram, se kommentaren til innspill nr. 17 (Norske havner).</p>

	<p>2050.» «Cruise Norway AS anbefaler at det settes krav om tilkobling til landstrøm i verdensarvfjordene dersom dette er tilgjengelig. For innføring av biogass og andre biobaserte løsninger vil dette være mer egnet for å oppnå ønsket effekt som et nasjonalt krav, ref. anbefalingene fra partnerne i Grønt Skipsfartsprogram.»</p>	
<p><b>6. Nordfjord Havn IKS</b></p>	<p>Forslaget til innretning av nullutslipp bør bli mer bærekraftig: Sjøfartsdirektoratets forslag ivaretar klima- og miljøhensyn. Forslaget om å tillate adgang for skip med LNG-drift dersom det bunkres en viss mengde biogass, er en oppmykning i forhold til nullutslipp. Det er fortsatt et lavt antall skip som kan gå på LNG, men det vil være et signal til rederiene å bygge flere LNG skip om dette tillates i Verdensarvfjordene som i resten av landet. LNG eller tilsvarende er et langt steg på veien for å kunne bli utslippsfri eller har et så lavt «fotavtrykk» som mulig med dagens teknologi. LNG løser langt på vei lokale miljøutfordringer, men som vi alle vet ikke løser det globale utfordringen med CO2. Det kunne være en tanke å se på dette i sammenheng at Sjøfartsdirektoratet har en mulighet å sende et signal til rederiene der skip med LNG eller tilsvarende drivstoff er et steg på veien til å bli utslippsfritt. Miljømessig gevinst for å redusere CO2 er liten med å forby skipene inn i verdensarvfjordene da disse skipene vil finne andre havner. Ber derfor at Sjøfartsdirektoratet vurdere å utsette kravene til Verdenarvfjordene eventuelt gi en dispensasjon slik at vi totalt sett finner en løsning som tilfredsstillende norske og internasjonale krav.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Sjøfartsdirektoratet har forsøkt å finne alternative løsninger i målkonflikten mellom klimagassutslipp og fortsatt trafikk i verdensarvfjordene. Forslagene fremgår av vårt anbefalingsbrev.</p>
<p><b>7. Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS</b></p>	<p>Bergen Havn er positiv til lokale krav om reduksjon av luftforurensing, da dette har en lokal innvirkning på natur og folkehelse, men mener at eventuelle krav om klimareduksjon bør gjelde nasjonalt. Å sette klimakrav for et begrenset antall anløp i et spesifikt område gir marginal klimagevinst i en større sammenheng. Utslippene av CO2e fra cruiseskip som lå ved kai i Geiranger og Flåm i 2022 utgjorde 7710 tonn (2022 tall). Dette i henhold til tall fra EPI som bygger på detaljerte rapporter fra skipsanløpene. I forhold til f.eks. Vestland fylke sitt CO2 utslipp (2021 tall, <a href="https://tilnull.no">https://tilnull.no</a>) er dette 0,1% av totalutslippet eller 0,6% av sjøfartsutslippet. En sannsynlig effekt av å begrense anløp vil være at skipene finner nye destinasjoner utenfor verdensarvfjordene. Konsekvensen er at tiltaket ikke reduserer klimautslippet. Bergen Havn mener at dagens krav om Tier III Nox fra 2025 i kombinasjon med nullutslipp (landstrøm, batteri, hydrogen mm) ved kai og insentiver er en hensiktsmessig overgangsordning for reduksjon av luftforurensing og klimautslipp.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Som følge av høringsinnspillene har Sjøfartsdirektoratet lagt opp til to alternative forslag som departementet skal ta stilling til i det videre arbeidet. I alternativ 2 er det åpnet for en endring av overgangsordningen til å tillate bruk av biogass og andre kvalifiserte drivstoff, se anbefalingsbrevet punkt 2 med følgende.</p>

	<p>Krav om Tier III Nox fra 2025 samt satsing på nullutslipp ved kai gir reduksjon av både luftforurensing og klimautslipp. Dette kan styrkes ved å tilby sterke insentiver til de skipene som bidrar med vesentlig reduksjon av klimautslipp, både underveis og ved kai. En slik tilnærming vil gi motivasjon til bruk av LNG (25% reduksjon), landstrøm, biodiesel, biogass, batteri og hydrogen etc. (opptil 100% reduksjon).</p> <p>Det er vesentlig at alle energibærere som kan bidra til reduksjon av utslipp sidestilles.</p> <p>Som dokumentert av DNV er det flere drivstoffløsninger som kan fungere som overgangsdrivstoff på veien mot modne teknologiløsninger for nullutslipp. Om en ønsker å være konsistent med «FuelEU maritime initiative» så bør alle aktuelle energibærere sidestilles. Å gi preferanse til biogass betyr at kun LNG-skip har tilgang til fjordene, men at skip som kan benytte biodiesel er utestengt. Av Tier III skip i markedet i dag er det desidert flest med dieselmotorer.</p> <p>Satsing på landstrøm bygger opp under tilsvarende satsing i de fleste større norske cruisehavner. Målet i Bergen er at alle cruiseskip skal koble seg på landstrøm ved anløp i 2026. Med flere havner med i satsingen så blir det også mer aktuelt for rederiene å tilpasse seg. 60% av alle cruiseskip som besøker Bergen i dag har anledning til å koble seg til landstrøm. Mange av disse skipene reiser videre i retning verdensarvfjordene. Ut fra dette har landstrøm et stort potensial, både økonomisk og miljømessig.</p> <p>Oppsummering og konklusjon</p> <p>Bergen Havn anerkjenner at reduksjon av klimautslipp er den viktigste miljøutfordringen for aktørene i maritim sektor. Vi mener like rammevilkår er et bedre virkemiddel for å påvirke en bransje enn å gjennomføre et tiltak i et begrenset område der klimaeffekten totalt sett er liten.</p> <p>Alle utfordringene og mulighetene relatert til det grønne skiftet gjør det vanskelig å finne en enkel modell for reduksjon av utslipp. Erfaringene fra Bergen og andre cruisehavner viser at økonomi har stor betydning for rederienes veivalg. Ved å tilrettelegge infrastruktur som landstrøm og batterilading, stille krav til at denne benyttes, og bygge et sterkt insentivsystem for skip underveis og ved kai basert på en bonus/malus modell, gir vi rederiene et større handlingsrom og motivasjon. Vår konklusjon er at forslaget ikke har en hensiktsmessig innretting i forhold til mål om nullutslipp og bør utredes på nytt.</p>	
<p><b>8. Møre og Romsdal fylkeskommune</b></p>	<p>1. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter målet om nullutslipp fra skipstrafikken på verdensarvfjordane, slik Stortinget vedtok 3. mai 2018.</p> <p>2. Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker å ha anløp av cruisebåtar i verdensarvfjordane også etter 2026, og ser</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Som følge av høringsinnspillene har Sjøfartsdirektoratet lagt opp til to alternative forslag</p>



	<p>det som nødvendig at det vert opna for overgangsordningar fram til teknologi for fullstendig utsleppsfri skipstrafikk er tatt i bruk.</p> <p>3. Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at Stortinget sine tilleggsvedtak 690 og 691 frå februar 2021 vert følgde opp av regjeringa.</p> <p>4. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar Sjøfartsdirektoratet sitt forslag om å tillate bruk av biogass som drivstoff på verdsarvfjordane innanfor reglane for utsleppsfri skipstrafikk, i ei overgangsperiode til og med 2035.</p> <p>5. Møre og Romsdal FK ber om at flytande biodrivstoff vert sidestilt med biogass og kan brukast på verdsarvfjordane i ein overgangsperiode til og med 2035.</p> <p>6. Møre og Romsdal fylkeskommune viser til tidlegare førespurnader, og ber igjen om eit møte med regjeringa for å drøfte gjennomføring av naudsynte tilpassingar og omstilling grunna nullutsleppsvedtaket</p> <p>7. Dersom overgangsordningar for drivstoff ikkje er mogleg ynskjer Møre og Romsdal fylkeskommune subsidiært at reglane i ei overgangsperiode vert differensierte for ulike delar av fjordsystemet, slik at skipstrafikken kan gå til Hellesylt for omlasting til utsleppsfrie fartøy på Geirangerfjorden.</p> <p><b>Ei verdskjend turistbygd med fjorden som viktigaste inngangsport</b></p> <p>Reiselivsnæringa i verdsarvområdet er bygd opp gjennom generasjonar. Lokalt næringsliv har investert og teke risiko. Behovet for ei regulering av forvaltninga av dette vakre området vart initiert frå lokalt hald, og verdsarvstatusen har vore godt forvalta og av kommune, fylkeskommune i godt samarbeid med statlege organ. I heile denne fasen har cruisenæringa vore kritisk som ein økonomisk motor for å kunne oppretthalde og bygge vidare på verdiskapinga frå reiselivet.</p> <p><b>Poenget med nullutsleppsvedtaket</b></p> <p>Nullutsleppsvedtaket er eit miljøtiltak, men også ein katalysator for teknologiutvikling. Verdsarvfjordane skulle gå i fyrste rekkje før dei same krava skulle innførast langs heile kysten. Frå avgjerd til innføring av vedtaket skulle det gå 8 år. Gradvis innføring av strengare og strengare miljøkrav, gjennom TIER-regulativet, skulle gje høve til tilpassing og omstilling. Samstundes låg der ein klar premiss som følgde nullutsleppskravet – nemleg at staten, gjennom storting og sitjande regjering, skulle følgje opp og gjere det mogleg å legge til rette for ein utsleppsfri verdsarvfjord, samstundes som ein sikra at verdsarvfjordane framleis skulle ha cruiseanløp. Lokalt i verdsarvfjordane vart nullutsleppsvedtaket møtt med skepsis i starten, men dei siste åra har det vore jobba hardt for å finne løysingar og sjå nytt potensiale.</p>	<p>som departementet skal ta stilling til i det vidare arbeidet. I alternativ 2 er det åpnet for en endring av overgangsordningen til å tillate bruk av biogass og andre kvalifiserte drivstoff, se anbefalingsbrevet punkt 2 med følgende.</p>
--	--	---

Det er gjennomført grundige analysar, kommune og fylkeskommune har engasjert seg i problematikken og det er sett av store ressursar for å finne ut kva som skal til for å gjennomføre vedtaket. Dette arbeidet har munna ut i ei tydeleg oversikt over tiltak og oppgåver som må løysast lokalt og regionalt, og som er kommunisert gjennom fleire førespurnader til departement og regjering. Det krevst nemleg eit løft som lokale og regionale styresmakter og det lokale næringslivet er heilt avhengige av statleg støtte for å klare.

For Geiranger sin del er det tilgangen på elektrisk kraft som er hovudutfordringa for å innfri krav om nullutslepp. Geirangerbygda har berre så vidt straum nok til eigne innbyggjarar i dag. Skal det etablerast landstraum eller anlegg for lading av større skip, må det førast fram ny kraft. Fylkeskommunen, kommunen og regionale nettselskap har utgreidd ulike løysingar, men felles for alle er at investeringane blir så kostnadskrevjande at lokale og regionale bidrag ikkje strekk til.

#### **Manglande statleg oppfølging av vedtaket**

Likevel, trass i tydelege føringar for korleis storting og regjering skulle følgje opp vedtaka, så har svara frå nasjonalt hald mangla. No skriv vi hausten 2023, og sit framleis med fleire av dei same spørsmåla og utan midlar for å kunne setje i gang arbeidet.

Sjøfartsdirektoratet har siste året gjennomført ei høyringsrunde og tatt med relevante partar for innspel og diskusjon. Undervegs dette året har det vorte vist til denne høyringsprosessen når kommune og fylkeskommune har forsøkt å skape dialog. Problemet er sjølvstapt at 2026 er veldig nære, og at vi mest sannsynleg vil nå 2024 før også denne høyringsprosessen er handsama. Då er det berre to år att til nullutsleppsvedtaket trer i kraft.

#### **Dramatiske samfunnsøkonomiske effektar for lokalsamfunnet**

Menon Economics har i samband med Sjøfartsdirektoratet sin høyringsprosess utarbeidd ei samfunnsøkonomisk analyse av nullutsleppskravet. Menon sine analysar viser klare negative effektar på investeringar og verdiskaping i lokalt næringsliv. Det er snakk om ein reduksjon på fleire hundretals millionar kroner. Det er grunn til å tru at effektane vil kunne vere endå hardare enn dette, då mykje av trafikken som no vil kome på landsida, ikkje vil ha tid nok til å besøke dei tilboda som er i Geiranger – rett og slett fordi ein vert bussa frå andre hamner og skal rekkje tilbake til den same båten på heimreisa. Der ein tidlegare har lagt til kai ein dag, kan det no vere snakk om å køyre gjennom eller i beste fall stoppe for å ete lunsj. Dette er dei reine økonomiske effektane på kort sikt. Ein kan like det eller

ikkje, men Geirangersamfunnet er særleg tilpassa og avhengig av ein intens cruisesesong, med mykje folk innom på kort tid. Det er fleire problemstillingar knytt til det, og ei omstilling til meir heilårsturisme og ei meir differensiert kundegruppe er ønska, og på gang. Men, ein totalt utsleppsfrifjord frå 2026 med bortfall av cruise som resultat, blir eit for brått skifte. Det trengst overgangsordningar.

Det største paradokset er likevel, all den tid vi her snakkar om eit miljøtiltak, at miljøeffekten i følgje Menon er netto negativ. Trafikk på verdsarvfjorden vert flytta til andre nærliggande hamner, og dei same passasjerane vil verte busa langs vegen. Med utslepp frå fossildrivne bussar og slitasje på gamalt vegnett som resultat. Vi fryktar at verdsarvfjordane og bygdene rundt, no vert ofra for å tvihalde på eit vedtak, der lovnader frå Stortinget ikkje har vorte følgde opp undervegs. Fylkeskommunedirektøren er samd i målet om nullutslepp, og er trygg på at det kan bli oppnådd, men ønskjer at lokalsamfunn og næringsliv i verdsarvfjordane skal overleve medan teknologien kjem på plass. Fylkeskommunedirektøren vil difor peike på kor viktig det er med ei balansert tilnærming i denne saka, som tek omsyn både til miljø og klima og nødvendig innovasjon i den maritime næringa, men også sikrar bygdene i verdsarvfjorden som attraktive bu – og arbeidsstader.

#### **Sjøfartsdirektoratet vil tillate bruk av biogass i ei overgangsperiode**

Endringsforskrifta frå Sjøfartsdirektoratet legg opp til dispensasjon på biogass for skip større enn 10 000 tonn i bruttotonasje fram til 31. desember 2035.

Sjøfartsdirektoratet antydar at opp mot 15 skip kan nytte biogass i dag.

Informasjon frå bransjen gjev grunn til å tru at dette datagrunnlaget potensielt er misvisande. Det viktigaste momentet er at desse 15 skipa mest sannsynleg vil gå til andre hamner i verda enn til Geiranger. Dermed fell store delar av dette grunnlaget bort. Så langt kan det sjå ut til at berre eitt skip vil kome under kravet som er sett av Sjøfartsdirektoratet for ny forskrift, og samstundes ha Geiranger som anløpshamn i komande periode. Med andre ord vil cruisetrafikken i verdsarvfjordane i praksis verte avvikla etter 2026.

#### **Biodrivstoff bør også tillatast i ei overgangsperiode**

Møre og Romsdal fylkeskommune bør difor foreslå at dispensasjonen i forslag til endringsforskrifta også omfattar biodrivstoff. Med andre ord ei likestilling mellom biogass og biodrivstoff. Dette då i kombinasjon med TIER3, som innførast for verdsarvfjordane frå 1.1.2025.

Vi meiner at dette er teknologi som fell under mandatet og visjonane med nullutsleppsvedtaket. Biodrivstoff er eit fornybart drivstoff som vil kunne fungere i langt

	<p>fleire av dei eksisterande skipa. Fleire av dei nyaste skipa har i dag teknologi som gjer det mogleg å sjalte over på dette grønne drivstoffet. Infrastruktur for fylling er langt meir tilgjengeleg enn om ein fokuserer på biogass åleine. Volumet av tilgjengelege skip som kan segle inn verdsarvfjordane vil dermed, i ei overgangsperiode, gje grunnlaget for ei berekraftig turistnæring, ein framleis levande verdsarvbygd og bidra til vidare teknologiutvikling. Heile tida med netto nullutslepp som endeleg mål.</p>	
<p><b>9. Stranda kommune og Stranda hamnevesen KF</b></p>	<p><b>Kort samandrag: Biodrivstoff (alt. 2a) må leggjast til grunn for overgangsordninga.</b></p> <p>Stranda kommune og Stranda hamnevesen KF er tilfreds med at Sjøfartsdirektoratet erkjenne at teknologien ikkje vil vere moden nok til at større passasjerskip kan operere utsleppsfritt i verdsarvfjordane i 2026. Det er difor svært positivt at direktoratet i høyringa opnar for ein overgangsmodell til 2036 slik at det er betre samsvar mellom regelverket og teknologiutviklinga.</p> <p>Stranda kommune og Stranda hamnevesen KF vil sterkt åtvare mot å leggje direktoratet sitt alternativ 2b (biogass) til grunn for overgangsordninga. Alternativ 2b vil i praksis bety ei sterk svekking av lokalsamfunnet i Geiranger.</p> <p><b>Stranda kommune og Stranda hamnevesen KF vil innstendig oppmode Sjøfartsdirektoratet til å leggje alternativ 2a (biodrivstoff) inkludert lavkarbon drivstoff som i EU regelverket, til grunn for overgangsordninga.</b> Dette vil sikre 100.000 – 150 000 passasjerar årleg, utan å auke utsleppa. Det betyr svært mykje for små og sårbare lokalsamfunn som Geiranger og Hellesylt.</p> <p>Vi støttar Sjøfartsdirektoratet si vurdering om at dersom ei hamn kan tilby landstraum ved kai, så bør skipa påleggast å bruke det i alle hamner der landstraum er installert.</p> <p>Stranda kommune og Stranda hamnevesen har tidlegare spelt inn synspunkta våre på utsleppsfrie verdsarvfjordar til Stortinget, Klima- og miljødepartementet og Sjøfartsdirektoratet. Her understrekar vi, at vi deler Stortinget sitt mål om grønne verdsarvfjordar. Samtidig har vi peikt på dei uheldige konsekvensane av å setje utsleppskrav som ikkje er tilpassa den teknologiske utviklinga.</p> <p>Menon sin rapport viser desse konsekvensane til fulle. Eit absolutt nullutsleppskrav frå 2026 inneber i) eit samla fall i omsetning for Geiranger og Flåm på ca. 234 mill. kroner, ii) eit tap av 184 arbeidsplassar og iii) tap av store kommunale skatteinntekter. Desse effektane vil auke fram til 2040 og effektane kan også vere undervurdert fordi eit absolutt nullutsleppskrav ikkje vil støtte oppunder det målretta arbeidet i Geiranger med</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Sjøfartsdirektoratet har i arbeidet etter høringen foreslått å endre overgangsordninga. Det vises til anbefalingsbrevet hvor det fremstilles to forslag. Et forslag er en hovedregel om nullutslipp og overgangsordning med biogass basert på massebalanse og et forslag er et nullutslippskrav og en overgangsordning med tillatt bruk av biogass og andre kvalifiserte drivstoff.</p>

å utvide sesongen. I praksis vil eit absolutt krav om nullutslepp bety at Geiranger vil vere eit svekka lokalsamfunn og i stor grad utan busetjing heile året. Stranda kommune og Stranda hamnevesen KF er difor tilfreds med at Sjøfartsdirektoratet i høyringsbrevet, erkjenne at teknologien ikkje vil vere moden nok til at større passasjerskip kan operere utsleppsfritt i verdsarvfjordane i 2026. Det er difor svært positivt at direktoratet i høyringa opnar for ein overgangsmodell til 2036 slik at det er betre samsvar mellom regelverket og teknologiutviklinga.

**Kommentar til forslag i § 12b: Forslaget frå direktoratet om biogass må erstattast med biodrivstoff, inkludert lavkarbon drivstoff som i EU regelverket**

Stranda kommune og Stranda hamnevesen KF støtter at det ikkje vert sett eit absolutt nullutsleppskrav i ei overgangsfase på 10 år i § 12b. Vi meiner likevel at Sjøfartsdirektoratet sitt forslag i fjerde ledd om å avgrense overgangsordninga til biogass (alternativ 2b) er svært uheldig. Stranda kommune og Stranda hamnevesen føreset at også biodrivstoff (flytande og gass alternativ 2a), inklusivt e-fuels/syntetiske drivstoff, blir inkludert i overgangsordninga i forskrifta sin § 12b. fjerde ledd. Dette inkluderer lavkarbo drivstoff som i EU regelverket ( bio og syntetisk – i kategoriane diesel, metan/gas og metanol ) Dette er viktig av følgjande grunnar:

- EU har allereie sidestilt biodrivstoff og biogass i same drivstoffkategori fordi det ikkje er nokon vitskapeleg grunngeving for å behandle desse ulikt når det gjeld utslepp. Dei internasjonale reiarlaga vil innrette seg etter EU sitt regelverk, ikkje etter norske særkrav. EU sine reguleringar kjem også til å få konsekvensar for kva det er mogeleg å bunkre i Europa, og dei fleste skip som kjem til Geiranger kjem på drivstoff som er fylt i EU.
- Ei endring i § 12b, fjerde ledd der biogass blir erstatta med biodrivstoff vil vidare redusere dei negative implikasjonane for Geiranger, Hellesylt og Flåm. Menon sin rapport 102/2022 viser at talet på passasjerar i 2026 vil vere det doble dersom det blir opna for biodrivstoff. Dette vil vere av uvurderleg betydning for lokalsamfunna, som uansett må førebu seg på at talet på passasjerar vil verte redusert med ca 80 prosent.
- Avslutningsvis meiner vi at Sjøfartsdirektoratet overvurderer kor mange skip som kan bruke biogass i dag og kor mange som er i bestilling. Dei tilbakemeldingane vi har fått frå reiarlaga, peikar på at det truleg berre vil vere eit skip med biogass som er tilgjengeleg for den norske marknaden i 2026. Ved å forandre § 12b. fjerde

	<p>ledd frå biogass til biodrivstoff, vil det bidra til å auke tilgangen på skip betydeleg.</p> <p>Opplysningane våre tilseier at over 20 skip på biodrivstoff vil vere tilgjengeleg for den norske marknaden i 2026.</p> <p>Vi er kjende med at direktoratet har bedt DNV om å utarbeide ein faktapakke om tilgangen på skip i samband med høyringa. Vi ber direktoratet om å leggje stor vekt på desse tala i den vidare utforminga av forskrifta.</p> <p>Vurderinga til Stranda kommune og Stranda hamnevesen KF er at alternativ 2b (biogass) vil få nesten like store negative konsekvensar for inntektene og arbeidsplassane til kommunen som den strengaste utsleppstolkinga. Alternativ 2b vil i praksis bety ei nedlegging av lokalsamfunnet i Geiranger. Alternativ 2a (biodrivstoff) vil på si side sikre 100 – 150 000 passasjerar årleg, utan å auke utsleppa. Dette betyr svært mykje for små og sårbare lokalsamfunn som Geiranger og Hellesylt.</p> <p><b>Kommentar forslag i § 12b, sjette ledd: Elektrifisering blir ein viktig nullutsleppsteknologi</b></p> <p>Vi støttar Sjøfartsdirektoratet si vurdering om at dersom ei hamn kan tilby landstraum ved kai, så bør skipa påleggjast å bruke det ved alle kaier der landstraum er installert. Elektrifisering kjem til å bli ein av fleire viktige nullutsleppsteknologiar i den grønne maritime næringa i framtida. Elektrifisering er allereie teke i bruk for passasjerferjer som går i rute på korte strekningar. Skal teknologien også utviklast for større skip som segler lange strekningar, føreset dette at straum er tilgjengeleg i hamn.</p> <p><b>Avsluttande kommentarar</b></p> <p>Rent prinsipielt meiner Stranda kommune og Stranda hamnevesen KF at det bør stillast identiske utsleppskrav til alle norske fjordar. Konsekvensane av ulike krav blir ikkje lågare utslepp, men at cruisetrafikken, og dermed også utsleppa, flytter seg til andre fjordar på Vestlandet utan verdsarvstatus. På same tid vil lokalsamfunn som Geiranger og Flåm gå på store tap, både økonomisk og når det gjeld busetning. Dette er også konklusjonen i rapporten frå Menon.</p> <p>Det er i denne samanhengen viktig å merkje seg at dei internasjonale krava (IMO osb.) til den maritime næringa er under kraftig innstramming. Vidare har EU no inkludert maritim transport i kvotesystemet sitt ETS og etablert strategien FuelEU Maritime. Dette gjev kraftige insentiv til auka bruk av fornybar energi, og til å investere i teknologiutvikling. Det hadde vore ønskjeleg at norske styresmakter hadde fokusert meir på å forsterke denne positive utviklinga, framfor å utvikle norske særkrav i ytterkant av kva som er mogeleg teknologisk.</p>	
--	--	--

	<p>Vi er positive til ein overgangsmodell som også Sjøfartsdirektoratet går inn for, men meiner det er kritisk viktig at også biodrivstoff (flytande og gass), inklusivt e-fuels/syntetiske drivstoff, blir inkludert i overgangsordninga. Vi støttar difor at alternativ 2a blir lagt til grunn for utforminga av § 12b. fjerde ledd og at lavkarbo drivstoff som i EU regelverket, vert inkludert. ( bio og syntetisk – i kategoriane diesel, metan/gas og metanol )</p> <p>Vi støttar Sjøfartsdirektoratet si vurdering om at dersom ei hamn kan tilby landstraum ved kai, så bør skipa påleggjast å bruke det i alle hamner der landstraum er installert.</p> <p>For ordens skyld gjer Stranda kommune og Stranda hamnevesen KF Sjøfartsdirektoratet merksam på at vi er i dialog med Klima- og miljødepartementet om situasjonen for Hellesylt kai. Hellesylt ligg utanfor verdsarvområdet, men kan ikkje nåast med skip utan å segle igjennom verdsarvområdet. Dette kan enkelt løysast med ei svært moderat tilpassing av grensa for verdsarvområdet, eller ved at det blir opna for ei innseglingslei til Hellesylt, som ligg i utkanten av verdsarvområdet. Vi fekk lovnad frå klima- og miljøministeren på ei avklaring i denne saka før sommaren 2023 - og reknar med eit snarleg svar.</p>	
<p><b>10. Sogn Regionråd</b></p>	<p>Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal og har vedteke følgjande fråsegn:</p> <p>Sogn regionråd er særskilt kritiske til den minimale graden av medverknad så langt i saka. Aurland kommune opplevde stor grad av involvering ved Stortinget si handsaming av saka, medan det har ikkje vore tilfelle i denne handsamingsrunden. Saka er viktig for alle kommunane i Sogn regionråd. Når storsamfunnet vurderer tiltak med stor konsekvens for næringslivet i einskildkommunar, må kommunen og regionen verte sterkt involvert i sakshandsaminga. Sogn regionråd forventar at staten i det vidare lyttar til dei lokale og regionale synspunkta i langt større grad enn det som er gjort så langt.</p> <p>Menon sin samfunnsøkonomiske analyse, viser at framlegget frå direktoratet vil føre til ein reduksjon i tal cruisepassasjerar med 93 prosent frå 273 000 (2019) til 20 000 (2026-2040). Berre eit fåtal turistskip vil ha høve til å innrette seg til krava. Reiarlaga vil velje å segla til andre hamner istadenfor verdsarvfjordane. Framlegget er i strid med stortingsvedtaket i 2021 og inneber ei nedlegging av cruisetrafikken i Flåm.</p> <p>Menon sin analyse viser at nullutsleppskravet vil gje negative ringverknader for verdiskaping, sysselsetjing og busetjing i Flåm. Rapporten viser store negative</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tidlig i arbeidet ble det opprettet en referansegruppe med aktuelle og berørte parter, og Sjøfartsdirektoratet mener at det er tilrettelagt for involvering i denne saken, i den grad det har latt seg gjennomføre.</p> <p>Som følge av høringsinnspillene har Sjøfartsdirektoratet lagt opp til to alternative forslag som departementet skal ta stilling til i det videre arbeidet. I alternativ 2 er det åpnet for en endring av overgangsordningen til å tillate bruk av biogass og andre kvalifiserte drivstoff, se anbefalingsbrevet punkt 2 med følgende.</p>

	<p>konsekvensar om framlegget til regelverk frå Sjøfartsdirektoratet blir sett i verk.</p> <p>Overgangsordninga Framlegget frå direktoratet inneheld overgangsordning i perioden 2026-2035 for cruiseskip for fylling av berekraftig biogass ein månad i forkant, tilsvarande energiforbruket i verdsarvområdet.</p> <p>Koplinga til verdsarvområdet synest ikkje å vera til stades med ei slik innretning av regelverket. Menon viser til at cruisereiarlaga vil tilpassa seg ved å byte hamn, noko som innber at ein heller ikkje lukkast med innfasing av biogass og reduksjon i CO2-utslepp. Rapporten frå Menon syner at framlegget slik det ligg føre ikkje når dei ønskte måla. Ein oppnår korkje klima- og miljøvinst, turist- og destinasjonsutvikling eller ivaretaking av verdsarvfjordane.</p> <p>Etter Menon sine berekningar vil alternativet med biogass føre til at cruiseskiptrafikken blir flytta vekk frå verdsarvfjordane, til andre fjordar på Vestlandet. Om lag ingen skip vil segla til Flåm. Dei lokale utsleppsreduksjonane i verdsarvfjordane skjer altså gjennom aktivitetsreduksjon lokalt og ved å flytte trafikk til andre norske hamner. Analysen viser at desto strengare krav ein vedtek for verdsarvfjordane, desto større vert dei negative miljøkonsekvensane nasjonalt – fordi landstraum i Flåm ikkje kan nyttast. Rapporten konkluderer med at nettoverknadane for landet samla både når det gjeld CO2 og verdiskapinga er avgrensa, medan dei negative samfunnskonsekvensane lokalt er svært store.</p> <p>Sogn regionråd er positive til innfasing av null- og lågutsleppsdrivstoff, men kan ikkje sjå at framlegget med biogass er eigna for verdsarvområdet. Innfasing av biodrivstoff er tilrådd i Grønt Skipsfartsprogram sitt pilotprosjekt for cruise, og ein bør sjå til FuelEU Maritime for samsvarande løysingar og definisjonar i eit europeisk samarbeid. På denne måten kan ein også fange opp første del av stortingsvedtak 672/18.</p> <p>Aurland kommune og Aurland hamnevesen KF har lagt til rette for etablering av landstraum i Flåm, og er tildelt 27 millionar i støtte frå Enova. Det som står att for realisering av landstraum i Flåm er sikring av eit tilstrekkeleg framtidig trafikkgrunnlag. Klima- og miljødepartementet har avvist sikring på annan måte, jamfør svar på skriftlege spørsmål frå klima- og miljøministeren i Stortinget. Utan den statlege særhandsaminga med eigne strenge reglar for verdsarvfjordane ville anleggsetableringa hatt positiv lønnsemd. Anlegget ville vore sjølvfinansierande med inntektene frå sal av straum til reiarlaga og ville vore etablert i dag.</p>	
--	---	--



	<p>Flåm er ein av landets viktigaste cruisedestinasjonar. Regelverket frå Sjøfartsdirektoratet vil gje store negative ringverknader for sysselsetjing, reiseliv og verdiskaping i Aurland og i heile Sogneregionen.</p> <p>Nullutslepp i verdsarvfjorden kan i stor grad oppnåast ved å etablera landstraum i Flåm og nyttegjere denne i overgangsperioden. Ved å løfte blikket til destinasjonsnivå vil felles utnytting av kostbar infrastruktur og bruk av både tilgjengeleg og framtidig teknologi gje reduserte utslepp på tvers av sektorar og aktivitetar. Tiltakspakka i Destinasjon Flåm – ein energihub for framtidens reiseliv vil tilfredsstillende krava til klimatiltak på landsida ved bruk av reststraumen frå landstraumanlegget til lading av bil, buss, RIB, mindre fartøy mv. Løysinga tek i bruk ny teknologi, både på sjø og land, og er på alle måtar betre enn det regelverket som Sjøfartsdirektoratet foreslår. Tiltakspakka har samla utsleppsreduksjonar på over 30 000 tonn CO2 per år. Alternativet med realisering av landstraum i Flåm er det einaste som gjev klimaeffekt av betydning. Tier III-krav som allereie er vedteke innført frå 2025, er verdas mest restriktive miljøkrav for cruiseskip i dag. I følgje Menon vil Tier III-krav gje ei halvering av cruisetrafikken i verdsarvfjordane. For å gjennomføra tiltakspakka treng kommune og næringsliv i Flåm eit regelverk som tek høgde for eit framtidig trafikkgrunnlag på minimum Tier III-nivå også etter 2026. Kapitalintensive og langsiktige investeringar i etableringa av eit fyrtårn for grønt reiseliv føreset føreseielege rammevilkår som gjer det mogeleg å lukkast. Regelverket må fange dette opp på ein fullgod måte.</p>	
<p><b>11. Ålesunds-regionens Havnevesen</b></p>	<p><b>Forslaget til innretning av nullutslipp bør bli mer bærekraftig:</b> Sjøfartsdirektoratets forslag ivaretar klima- og miljøhensyn. Økonomiske og sosiale hensyn ivaretas i for liten grad. Forslaget om å tillate adgang for skip med LNG-drift dersom det bunkres en viss mengde biogass, er en oppmykning i forhold til nullutslipp. Men ettersom antallet cruiseskip som kan seile med LNG-drift fortsatt er lavt, så vil forslaget likevel ikke ivareta næringslivets behov i verdensarvfjordene.</p> <p><b>Hvorfor er cruisenæringen viktig:</b> Cruisenæringen er viktig fordi den gir betydelige inntekter til de kommunale havnevirksomhetene i Norge. For Ålesund havn sin del, i 2023, så faktureres 52% av havnas samlede inntekter til cruiserederiene. Disse inntektene er helt avgjørende for den kommunale havnens muligheter til å investere i kaier og havnearealer i Ålesundregionen. Lokalt næringsliv i Ålesund har i tillegg en samlet omsetning i 2023 på</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Se anbefalingsbrevet for innholdet i det reviderte forslaget frå Sjøfartsdirektoratet.</p>

mellom MNOK 500 og 1000, som er direkte relatert til cruisenæringen. Flere hundre arbeidsplasser i Ålesund er helt eller delvis avhengige av cruisenæringen. Dette er blitt mer synlig i år, gjennom flere mediaoppslag. Sammenlignbare effekter gjelder også for andre cruisedestinasjoner i Møre og Romsdal. Cruisenæringen er derved en betydelig distriktsnæring.

**Innspill til Sjøfartsdirektoratets forslag:**

Selv med den foreslåtte oppmykningen, så innebærer høringsdokumentet en anbefaling fra Sjøfartsdirektoratet om at samfunnene i Geiranger og Flåm skal bære en stor byrde for å fremtvinge utvikling som resten av verden skal få nytten av. Krav om reduserte utslipp av klimagasser (karbondioksid, metan og lystgass) i verdensarvfjordene isolert er ikke logisk begrunnet, ettersom Geiranger og Flåm ikke har større klimagasskonsentrasjoner enn andre steder på jorden. Problemet med luftforurensning i verdensarvfjordene (svoveloksider, nitrogenoksider og partikler) kan løses ved regulering uten at arbeidsplassene forsvinner. ÅRH støtter ellers forslaget til Aurland kommune om en overgangsordning ved bruk av landstrøm, samt krav til maskineri og drivstoff.

	Interesseorganisasjoner	
	<p>(SDIR) vil sette systemgrensen på skipet. Det mener vi er uheldig og for snevert.</p> <p>Basert på dette stiller vi oss undrende til at SDIR aksepterer bruk av pilotdrivstoff for å antenne ammoniakk i en forbrenningsmotor, uten at det også settes en øvre grense for innblanding av slikt pilotdrivstoff. Derved tillates utslipp av både lystgass (N<sub>2</sub>O), partikler, NOX og CO<sub>2</sub> (eventuelt metan) i ukjente mengder fra skip som vil benytte en andel ammoniakk i forbrenningsmotorer.</p> <p>Vi vil også gjøre oppmerksom på at biogass kan brukes i Brenselceller – og gi nullutslipp på linje med ammoniakk og hydrogen. Teknologien for alle disse er fortsatt under utvikling, men biogass er altså et fullverdig nullutslippsalternativ helt i tråd med Stortingets vedtak.</p> <p><b>Biogass som løsning</b></p> <p>SDIR viser til Stortingets vedtak om at biogass skal sidestilles med elkraft, hydrogen og andre løsninger som kan være fornybare. Gasnor registrerer også at SDIR til en viss grad har tatt bransjens forslag om bruk av biogass til etterretning, og har åpnet for at drivstofftankene ombord på skipet kan inneholde blanding av biometan og LNG basert på massebalanse. Det er positivt og helt nødvendig, men prinsippet må også gjelde for fartøyene som skal bunkre det aktuelle skipet.</p> <p><b>Bunkringsløsninger</b></p> <p>I SDIR sitt forslag heter det at: «Biogassen skal holdes adskilt fra fossilt drivstoff fram til den er bunkret». Gasnor leverer i dag LNG til skip fra bil, bunkringsfartøy, eller stasjonære anlegg. Bunkring fra bil eller stasjonære anlegg kan ikke benyttes for cruiseskip, og her benyttes kun bunkring fra skip. Disse bunkringsskipene har lagertanker med kapasitet som langt overstiger behovet cruiseskipene har for å seile uten utslipp i verdensarvfjordene. Dersom det stilles krav om at tankene skal tømmes fullstendig for LNG før vi laster biogass vil det medføre at kostnadene med levering av biogass blir så høye i Norge at skipene vil bunkre i utlandet. Kravet har med andre ord ingen andre konsekvenser enn at det utelukker norske aktører og norsk biogass. Vi foreslår derfor at biogass levert fra bunkringsfartøy baseres på massebalanse – slik det er tenkt for biogass på tankene ombord i mottakende skip. Gasnor har et svært avansert og omfattende system for massebalanse som sikrer at vi har god kontroll på hvilken gassblanding som befinner seg på de ulike tankene til enhver tid.</p> <p><b>Gass fra rørnett</b></p> <p>Registrerer også at SDIR ikke vil akseptere biogass levert fra det Europeiske gassnettet. Dette tror vi må bero på en misforståelse. Vi kjenner ikke til noen</p>	
--	---	--

	<p>biogassprodusenter i Europa som leverer biogass på noen annen måte enn gjennom det felles Europeiske gassnettet. Gassen mates inn i rørrnettet der den blir produsert, og blir levert til kunde et annet sted basert på dokumentasjon med opprinnelsesgarantier/sertifikater. Når biogass blir gjort flytende for å bli brukt som drivstoff er da anlegget for flytendegjøring ikke knyttet direkte til produksjonsanlegget, men tatt ut fra rørrnettet med massebalanse og sertifikater som garanterer for bærekraft og faktisk produksjon. Denne løsningen er helt i tråd med hva EU praktiserer og ønsker for å nå klimamålene. Det er kun i Norge at man finner anlegg for flytendegjøring samlokalisert med produksjonsanlegget for biogass. Dette skyldes at Norge ikke har et utbygd distribusjonsnett for gass slik man finner i Europa. Det gjør norsk biogass dyrere enn hva den ellers kunne vært.</p> <p><b>Gass som midlertidig løsning</b></p> <p>Vi er videre helt uforstående til at SDIR bare vil akseptere biogass i en overgangsperiode, og påpeker det faktum at biogass er den eneste løsningen som har potensial ikke bare til null-utslipp, men som kan gi positivt klimaregnskap på både kort og lang sikt. Det er da også bakgrunnen for at Stortinget har vedtatt at biogass skal sidestilles med andre bærekraftige og fornybare løsninger. Biogass må derfor være en ønsket løsning i maritim sektor også for fremtiden.</p>	
<p><b>47. Glocal Green</b></p>	<p><b>1. Reduksjon av klimagasser</b></p> <p>Vi støtter intensjonen om å redusere utslipp av fossile klimagasser fra passasjerskip i verdensarvfjordene og bidra til miljømessig bærekraft i disse områdene.</p> <p><b>2. Biometanol må inkluderes</b></p> <p>Vi mener imidlertid at det er viktig å inkludere grønn metanol/ biometanol (den viktigste lavrisiko flytende hydrogenbæreren<sup>1</sup>) på lik linje med biogass som en alternativ energikilde for passasjerskip i verdensarvfjordene, i tillegg til hydrogen og ammoniakk, som nevnt i fjerde ledd av den foreslåtte § 12b.</p> <p>Begrunnelsen er den prinsipielle likheten - hvor begge drivstoffene er laget av biomasse og er en del av det sirkulære karbon-systemet. Dette innebærer at det slippes ut grønn CO<sub>2</sub> ved forbrenning, men for grønn metanol / biometanol oppnås ca. 95% reduksjon av CO<sub>2</sub> eq/MJ sammenlignet med GMO/diesel. Som erstatning for fossile drivstoff vil dette bidra sterkt til reduksjon av klimagasser.</p> <p>Samtidig er biogass og biometanol basert på forskjellige typer biologisk avfall. De utfyller hverandre og vil med det bidra til å utnytte en større mengde biologisk avfall som erstatning for fossil energi. Produksjon av biogass,</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Som følge av høringsinnspillene har Sjøfartsdirektoratet lagt opp til to alternative forslag som departementet skal ta stilling til i det videre arbeidet. Her er det åpnet for en endring av overgangsordningen til å tillate bruk av biogass og andre kvalifiserte drivstoff, se anbefalingsbrevet for mer informasjon.</p>

	<p>hvor metan (CH<sub>4</sub>) er målet, kreves biogent avfall tilpasset fermentering/forråtnelse. Produksjon av biometanol derimot, som er basert på pyrolyse/gassifisering (lukket forbrenning), kan benytte en langt større bredde av lavrangs biologisk avfall. Det er likevel viktig å få med muligheten for symbiotisk produksjon mellom de to drivstoffene basert på at produksjon av grønn metanol / biometanol kan nyttiggjøre både grønn CO<sub>2</sub> og restderivater (energiproduksjonsavfall) fra biogassproduksjon. Grønn metanol/biometanol gir ikke risiko for utslipp av andre drivhusgasser som metan (via metanslip) og lystgass, og har derfor veldig gode miljøprestasjoner i et holistisk WTW-perspektiv (WTT + TTW).</p> <p>Ved også å tillate grønn metanol / biometanol som energibærer utvides løsningsvinduet, bruksområdene og mulighetene knyttet til både forbrenningsmotorer og brenselceller. På en forbrenningsmotor kan metanol benyttes både på dual-fuel motorer og som innblanding/«drop-in». Her kan grønn metanol/biometanol håndteres på tilsvarende måte som biogass med en massebalanse/ regnskapsbasert tilnærming slik foreslått i det nest siste avsnittet i nye §12b.</p> <p>Grønn metanol / biometanol vil, som en ekstremt god hydrogenbærer, også kunne benyttes på brenselceller for hydrogen. Da går metanolen først gjennom en reformer, hvor den grønne CO<sub>2</sub>-en spaltes av, og hydrogenet går videre inn på brenselcellen for energiproduksjon. Dette kan brukes i megawatt-skala på både fremdrift og hotellast, samtidig som man oppnår høy fleksibilitet - og åpner for et større område av fartøyper og størrelsesklasser - store som små. Når grønn metanol/biometanol forbrennes avgis kun grønn CO<sub>2</sub>. Ingen andre avgasser, SOX, NOX eller sot/partikler, foruten det som evt. kommer fra en pilot-fuel/fuel-mix i en forbrenningsmotor. Dette vil la seg fange ombord (OCCU) og legge til rette for at det grønne karbonet kan bringes til land og gjenbrukes til f.eks. produksjon av ny grønn metanol. Dette er en løsning som vil være i tråd med tiltaksalternativ 1 og 2a iht. Menons rapport 101/2022 - da dette verken gir utslipp av biogent eller fossilt karbon.</p> <p>Et annet viktig moment, for hurtig innfasing av denne grønne løsningen, er en «brobygging». Her kommer man i gang med utnyttelse av grønne brukerløsninger mot grønne sertifikater, noe som stimulerer til videre utvikling av fartøyer og brukerteknologi parallelt med produksjonsoppbygging av grønn metanol / biometanol.</p> <p><b>3. Lavest hengende frukt</b></p>	
--	---	--



	<p>Biometanol er den energibæreren som ligger nærmest GMO/diesel i energitetthet, og det mest praktisk implementerbare blant de grønne alternativene. Dette muliggjør i langt større grad ombygging/retrofit av eksisterende skip/flåte. Metanol, som er flytende ved normalt trykk og temperatur, innebærer generelt sett en langt lavere risiko, også for det akvatiske miljøet. Av samme grunn kan man i langt større grad utnytte lagringskapasitet om bord helt mot ytterhud - og med det oppnå tilsvarende bunkerkapasitet og rekkevidde som for GMO/diesel. Samlet sett åpner dette for grønne kostnadseffektive løsninger også for eksisterende flåte, og med det økt reduksjon av miljøpåvirkningen fra skipstrafikken.</p> <p>Grønn metanol og biometanol er også en energibærer som kan oppnå svært god systemvirkningsgrad når det gjelder energieffektivitet sammenlignet med både konvensjonelle og andre grønne energibærere. Høy energieffektivitet ved produksjon bidrar også til en attraktiv salgspris og lavere driftskostnader. Dette gir et lavere total cost of ownership (TCO).</p> <p>Cruisenæringen er etter flere års arbeid godt i gang med introduksjon av grønn metanol. Biometanol kan gi et fleksibelt mulighetsrom knyttet til brukerteknologi, med implisitt økt utslippsreduksjon. Det implementeres både dual-fuel løsninger, brenselscelleløsninger med megawatt-størrelse (Silversea skal teste dette til hotelldrift i nye skip fra 2024) samt løsninger for OCCU av CO2.</p> <p>De fleste motorleverandørene (Wärtsilä, ABC, Caterpillar, MAN, Scania m. fl.) er i gang med å tilby ombygging/retrofit for skip i drift. For verdens stående tonnasje av skip og særlig cruiseindustrien, som har bygget svært mange skip de siste 15 årene som skal seile i mange tiår fremover, vil metanoldrift være den mest rasjonelle og realiserbare retrofit-løsningen. I lys av disse faktorene er det derfor berettiget og helt nødvendig – i tråd med cruisenæringens ønsker - å inkludere biometanol som en tillatt energikilde for passasjerskip i verdensarvfjordene. Det vil gi en bredere, lavrisiko og mer fleksibel tilnærming til utslippsreduksjoner, og samtidig oppmuntre til bruk av bærekraftige lavkarbonalternativer for å bevare miljøet og sikre en bærekraftig fremtid for verdensarvfjordene - både miljømessig og økonomisk. Det økonomiske aspektet er knyttet til at med å tillate biometanol på lik linje med biogass - så åpner det for at flere skip kan operere på verdensarvfjordene i den kritiske overgangsfasen mellom 2026 og 2035 i påvente av at hele cruisenæringen omstiller seg til nullutslipp.</p>	
--	---	--

#### **4. Råstoffgrunnlag, volum, forutsigbarhet og tilgjengelighet**

I tråd med målene i revidert fornybardirektiv (2018/2001/EU) og bærekraftkriteriene for bioenergi, bør biometanol som oppfyller disse kravene - i takt med cruisenæringens satsing på dette, kunne benyttes som energikilde for passasjerskip i verdensarvfjordene. I henhold til kravene i fornybardirektivet vil en inkludering av grønn metanol / biometanol innebære en utvidelse av ressursgrunnlag (bioavfall) som kan gi grønn energi. Dette som en følge av at biometanolproduksjon kan benytte et langt videre spekter av biorester, og med dette mer grønn energi til erstatning for fossile drivstoff. En annen positiv ringvirkning er at det er snakk om verdikjeder som kan skape norske, grønne arbeidsplasser med den hensikt å nyttiggjøre avfall fra skogsdrift primært, og etter hvert marine restråstoff. Dette inkluderer arbeidsplasser både opp- og nedstrøms i en energiverdikjede som det grønne skiftet krever. Se figur 4 for en tenkt nasjonal infrastruktur for produksjon og distribusjon av grønn metanol /biometanol i Norge og figur 7 for et prinsipielt økosystem for råstoff, innlogistikk, produksjon, utlogistikk, gjenfangst av CO<sub>2</sub> (OCCU) og det biosirkulære samspillet med andre industrier. Biometanol vil være økonomisk rasjonelt å distribuere fra Glocal Greens første planlagte produksjonslokasjon på Øyer. Som lavrisiko energibærer vil dette enkelt kunne distribueres både på tog, på vei, og langs kystleden. Biometanol / grønn metanol vil kunne fylles i eksisterende bunkringsanlegg med kun små modifikasjoner.

En rekke nyere studier viser muligheten for betydelig utvidning av råstoffgrunnlaget for biologisk avfall som kan inngå i storskala produksjon av biometanol, som supplerer opp også store satsinger og planlagte investeringer i e-metanol gjennom såkalt Power-to-X, som gir mulighet for lagring av strøm fra ulike fornybare energikilder. Dette forsterkes nå av nye reguleringer som fremmer utfasing av fossil energi som blant annet den Internasjonale Maritime Organisasjonen (IMO) sin nylig reviderte klimastrategi om netto null i 2050. Dette gjør at insentivene for å investere i utvikling av industri rundt klimanøytrale energibærere kommer på plass og de nødvendige satsingene og investeringene vil kunne skje.

På verdensbasis er det estimert en produksjon på 400 millioner tonn grønn metanol / biometanol i 2050.. Norge kan også bli en vesentlig aktør i dette markedet, men det krever at lovreguleringer som nevnte regulering for verdensarvfjordene åpner for bruk av grønn metanol / biometanol i de skipene som klargjøres for dette, slik at skipstrafikken og øvrig

	<p>aktivitet som skapes i dette området i de kommende årene, blir et utstillingsvindu for verden og vil stimulere til økt etterspørselsvekst, produksjon og infrastrukturutvikling langs hele kysten. Med dette kan Norge bli et foregangsland på området. Her har Sjøfartdirektoratet en avgjørende rolle for at så kan skje.</p>	
<p><b>48. Maritime Cleantech</b></p>	<p>Allereie i 2018 vedtok Stortinget forslag om nullutslepps krav for passasjerskip i verdensarvfjordane frå 2026. At det har tatt fem år å utforma kravet har gitt store forseinkingar i investeringar i nye teknologiar og infrastruktur. Det har hindra naudsynt omstilling for både reiarlag og hamner.</p> <p>Nullutsleppskravet må no setjast i verk. Det vil vera viktig for å sikra utsleppskutt frå skipsfarten fram mot 2030, i tråd med nasjonale klimamål og internasjonale forplikningar, og for å bidra til teknologiutvikling og omstilling av maritim sektor i tråd med regjeringa sitt grønne industriløft. Det vil også bidra til å ta vare på naturen i verdensarvfjordane og gjera Noreg leiande på berekraftig reiseliv. Vedtaket må seest i samanheng med nullutslepps krav for andre fartøygrupper, blant anna ferjer frå 2024 og hurtigbåtar frå 2025.</p> <p>Eit viktig moment i stortingsvedtaket frå 2018 var at det skulle koma utsleppskrav også i andre turistfjordar fram mot 2030. Dette har ikkje blitt følgt opp. Det har bidratt til ei frykt for at turismen vil flytta seg frå verdensarvfjordane til andre fjordar utan nullutslepps krav. Me etterlyser ei oppfølging av dette vedtaket, som også vil harmonisera med framtidige nullutslepps krav til nye offshorefartøy frå 2029, samt i nytt kyststrutearbod frå 2031.</p> <p><b>Teknologiane finst, blir modne med krav og nye forretningsmodellar oppstår</b></p> <p>Norsk maritim næring er godt i gang med å utvikla løysingar som kan tilfredsstilla nullutslepps krav i verdensarvfjordane og deretter gjera heile kysten vår utsleppsfri. Næringa har alt i 2022 vist at skip på over 15 000 bruttotonn kan segla utsleppsfritt inn i verdensarvfjordane. Teknologileverandørar kan i dag levera batteriløysingar for skip som vil sikra nullutslepp inn og ut av fjordane, og verdas første hydrogenfartøy er i drift med passasjerar i Noreg. Både brenselcellesystem og forbrenningsmotorar som går på nye grønne drivstoff som hydrogen og ammoniakk er under testing og blir snart kommersielt tilgjengelege.</p> <p>Det er viktig å jobba for å utvikla så totale verdikjeder og forsyningskjeder som mogleg. Oppskaleringa er i gang, og fleire sterke industrikonsortium langs kysten ønsker å realisera hydrogen-verdikjeder, i tråd med</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Sjøfartsdirektoratet har besvart oppdraget, som var å foreslå en innretning for nullutslippskrav i verdensarvfjordene.</p> <p>En grunnleggende forutsetning for nullutslipp er at teknologien er tilstrekkelig moden for skipene. Utviklingen er godt i gang og det gjøres stadige fremskritt, men det kan likevel være utfordrende for store cruiseskip å seile utslippsfritt. Dette gjør at det er lagt opp til en overgangsordning i direktoratets forslag. Hensynet til forutsigbarhet er tungtveiende, og Sjøfartsdirektoratet mener at en overgangsordning på 10 år er nødvendig.</p> <p>Som følge av høringsinnspillene har Sjøfartsdirektoratet lagt opp til to alternative forslag som departementet skal ta stilling til i det videre arbeidet. Her er det åpnet for en endring av overgangsordningen til å tillate bruk av biogass og andre kvalifiserte drivstoff, se anbefalingsbrevet for mer informasjon.</p>

	<p>nasjonale ambisjonar. Her har 2026-kravet ei sentral rolle: Det stimulerer etterspørselssida og har stor betydning for ny lokal verdiskaping og utvikling av nullutsleppsløysingar.</p> <p>Cruisereiarlag som ikkje klarar å ta i bruk nullutsleppsløysingar i eigen flåte innan 2026 kan senda passasjerane inn norske fjordar med utsleppsfrie shuttle-båtar. Desse løysingane er kommersielt tilgjengelege i dag, og blir stadig utvikla med større passasjerkapasitet og større effekt. Å tilpassa seg nullutsleppsløysingar for turistskip langs kysten vil driva fram nye og effektive forretningsmodellar i cruisenæringa.</p> <p>Ei anna moglegheit for større skip kan vera bruk av flytande ladestasjonar eller mindre kraftforsyningsfartøy som følgjer skipa inn og ut av verdsarvfjordane. Ein rapport utarbeidd av DNV for Maritime CleanTech illustrerer korleis dette kan løysast med gjenbruk av PSV-ar. Utsleppsfrie PSV-fartøy kan utstyrast med batteribankar på dekk og kopla seg til eksisterande landstraumanlegg på cruiseskipa. Også for mindre fartøy som hurtigbåtar og shuttlefartøy kan nullutsleppskrav gi utfordringar med omsyn til nettkapasitet og tilgang på ladestraum i anløpshamnene, men også her er næringa godt i gang med å utvikla løysingar.</p> <p><b>Overgangsperiode hindrar omstilling</b></p> <p>Forslaget om overgangsperiode fram til 2035 skaper stor uvisse for dei som skal gjera investeringar. Biogass vil ikkje vera ei løysing som over tid kan gjera skipsfarten i turistfjordane utsleppsfri. Ordninga kan også bidra til å fremja investeringar i LNG-skip, som EU har vedtatt skal fasast ut innan 2040. Det vil dermed ikkje oppfylle intensjonen som låg til grunn for stortingsvedtaket, som var å realisera faktiske nullutsleppsløysingar for passasjerskip i verdsarvfjordane.</p> <p>Innretninga må sikra krav til nullutslepp gjennom heile verdikjeda, og må vera i tråd med norske og internasjonale klimamål. Med forslaget til innretning fryktar me ein 12-årig venteperiode som no kan føra til stillstand i utviklinga. I tilfella der ein likevel vurderer å gi unntak må bruk av utsleppsreducerande løysingar så langt som mogleg likevel vera avgjerande, og det bør presenterast ein plan for korleis ein kan nå nullutslepp innan overgangsperiodens slutt. Overgangsperioden må i så fall avgrensast til 2030, slik at det passar saman med intensjonen for vedtaket, og klimatiltaka som skal innførast for ulike fartøysegment og infrastruktur langs heile kysten dei neste åra. Det må samtidig vera ein fordel for aktørar som oppnår nullutslepp i</p>	
--	---	--

	<p>overgangsperioden gjennom for eksempel klimadifferensierte avgifter og prioritet i hamna. Det er uvisse knytt til meirkostnader med innfasing av nullutslepps fartøy, og tilgang på kraft og nye drivstoff i hamnene. For å møte denne usikkerheita er det viktig med klare og føreseielege krav frå styresmaktene, kombinert med økonomiske rammevilkår og verkemiddel som bidrar til å ta ned risikoen. Regjering og lokale styresmakter må finna finansieringsløysingar som fremjar omstillinga. Gjennom for eksempel klimadifferensiert turistskatt per passasjer, der nullutslepps fartøy betaler minst, kan ein sikra inntekter til omstillinga. Det bør også vurderast krav om landstrøm langs heile kysten.</p> <p>Nullutsleppskrav frå 2026 er avgjerande for å styrka den framtidige konkurransekrafta til norsk maritim industri. Løysingane som blir utvikla vil ha eit stort eksportpotensiale. Menon har vurdert dei samfunnsøkonomiske effektane av vedtaket, og viser at det er svært sannsynleg at etterspørselen etter grønne skipsteknologiar vil leverast av norske verksemdar og difor styrka norsk maritim industri. Dette representerer betydelege positive samfunnsøkonomiske effektar av nullutsleppskravet, og bør utgreiast grundigare.</p> <p>Innovasjons- og investeringsvilje i grønne teknologiar må ikkje straffast på overtid. Maritim næring og fornybarindustrien må kunna stola på vilkåra som er vedtatt i den grønne omstillinga.</p>	
--	--	--

	<b>Virksomheter / næringsaktører innenfor reiseliv og turisme</b>	
<p><b>49.</b> <b>Destinasjon Ålesund og Sunnmøre</b></p>	<p><b>Samandrag: Biodrivstoff (alt. 2a) må leggjast til grunn for overgangsordninga.</b> Destinasjon Ålesund &amp; Sunnmøre er tilfreds med at Sjøfartsdirektoratet erkjenne at teknologien ikkje vil vere moden nok til at større passasjerskip kan operere utsleppsritt i verdsarvfjordane i 2026. Det er difor svært positivt at direktoratet i høyringa opnar for ein overgangsmodell til 2036 slik at det er betre samsvar mellom regelverket og teknologiutviklinga. Destinasjon Ålesund &amp; Sunnmøre vil sterkt åtvare mot å leggje direktoratet sitt alternativ 2b (biogass) til grunn for overgangsordninga. Alternativ 2b vil i praksis bety ei sterk svekking av lokalsamfunnet i Geiranger. <b>Destinasjon Ålesund &amp; Sunnmøre vil innstendig oppmode Sjøfartsdirektoratet til å leggje alternativ 2a (biodrivstoff) inkludert lavkarbon drivstoff som i EU regelverket, til grunn for overgangsordninga.</b> Dette vil sikre 100.000 – 150 000 passasjerar årleg, utan å auke utsleppa. Det betyr svært mykje for små og sårbare lokalsamfunn som Geiranger og Hellesylt. Vi støttar Sjøfartsdirektoratet si vurdering om at dersom ei hamn kan tilby landstraum ved kai, så bør skipa påleggjast å bruke det i alle hamner der landstraum er installert.</p>	<p>En grunnleggende forutsetning for nullutslipp er at teknologien er tilstrekkelig moden for skipene. Utviklingen er godt i gang, men det kan likevel være utfordrende for store cruiseskip å seile utslippsritt. Dette gjør at det er lagt opp til en overgangsordning i direktoratets forslag. Hensynet til forutsigbarhet er tungtveiende, og Sjøfartsdirektoratet mener at en overgangsordning på 10 år er nødvendig.</p> <p>Som følge av høringsinnspillene har Sjøfartsdirektoratet lagt opp til to alternative forslag som departementet skal ta stilling til i det videre arbeidet. Her er det åpnet for en endring av overgangsordningen til å tillate bruk av biogass og andre kvalifiserte drivstoff, se anbefalingsbrevet punkt 2 og følgende for mer informasjon.</p>
<p><b>50.</b> <b>Stranda og Fjord Cruisenettverk</b></p>	<p><b>Kort samandrag: Biodrivstoff (alt. 2a) må leggjast til grunn for overgangsordninga.</b> Stranda og Fjord Cruisenettverk er tilfreds med at Sjøfartsdirektoratet erkjenne at teknologien ikkje vil vere moden nok til at større passasjerskip kan operere utsleppsritt i verdsarvfjordane i 2026. Det er difor svært positivt at direktoratet i høyringa opnar for ein overgangsmodell til 2036 slik at det er betre samsvar mellom regelverket og teknologiutviklinga. Stranda og Fjord Cruisenettverk vil sterkt åtvare mot å leggje direktoratet sitt alternativ 2b (biogass) til grunn for overgangsordninga. Alternativ 2b vil i praksis bety ei sterk svekking av lokalsamfunnet i Geiranger. <b>Stranda og Fjord Cruisenettverk vil innstendig oppmode Sjøfartsdirektoratet til å leggje alternativ 2a (biodrivstoff) inkludert lavkarbo drivstoff som i EU</b></p>	<p>Se kommentar til innspill fra Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, punkt 49.</p>

	<p><b>regelverket, til grunn for overgangsordninga.</b> Dette vil sikre 100.000 – 150 000 passasjerar årleg, utan å auke utsleppa. Det betyr svært mykje for små og sårbare lokalsamfunn som Geiranger og Hellesylt.</p> <p><b>Kommentar til forslag i § 12b: Forslaget frå direktoratet om biogass må erstattast med biodrivstoff, inkludert lavkarbo drivstoff som i EU regelverket.</b></p> <p>Stranda og Fjord Cruisenettverk støtter at det ikkje vert sett eit absolutt nullutsleppskrav i ei overgangsfase på 10 år i § 12b. Vi meiner likevel at Sjøfartsdirektoratet sitt forslag i fjerde ledd om å avgrense overgangsordninga til biogass (alternativ 2b) er svært uheldig. Stranda og Fjord Cruisenettverk føreset at også biodrivstoff (flytande og gass alternativ 2a), inklusivt e-fuels/syntetiske drivstoff, blir inkludert i overgangsordninga i forskrifta sin § 12b. fjerde ledd. Dette inkluderer lavkarbo drivstoff som i EU regelverket ( bio og syntetisk – i kategoriane diesel, metan/gas og metanol ) Dette er viktig av følgjande grunnar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• EU har allereie sidestilt biodrivstoff og biogass i same drivstoffkategori fordi det ikkje er nokon vitskapeleg grunngeving for å behandle desse ulikt når det gjeld utslepp. Dei internasjonale reiarlaga vil innrette seg etter EU sitt regelverk, ikkje etter norske særkrav. EU sine reguleringar kjem også til å få konsekvensar for kva det er mogeleg å bunkre i Europa, og dei fleste skip som kjem til Geiranger kjem på drivstoff som er fylt i EU.</li> <li>• Ei endring i § 12b, fjerde ledd der biogass blir erstatta med biodrivstoff vil vidare redusere dei negative implikasjonane for Geiranger, Hellesylt og Flåm. Menon sin rapport 102/2022 viser at talet på passasjerar i 2026 vil vere det doble dersom det blir opna for biodrivstoff. Dette vil vere av uvurderleg betydning for lokalsamfunna, som uansett må førebu seg på at talet på passasjerar vil verte redusert med ca 80 prosent.</li> <li>• Avslutningsvis meiner vi at Sjøfartsdirektoratet overvurderer kor mange skip som kan bruke biogass i dag og kor mange som er i bestilling. Dei tilbakemeldingane vi har fått frå reiarlaga, peikar på at det truleg berre vil vere eit skip med biogass som er tilgjengeleg for den norske marknaden i 2026, og at det heller ikkje er mange som kjem i overskueleg framtid. Ved å forandre § 12b. fjerde ledd frå biogass til biodrivstoff, vil det bidra til å auke tilgangen på skip betydeleg.</li> </ul> <p>Vi støttar Sjøfartsdirektoratet si vurdering om at dersom ei hamn kan tilby landstraum ved kai, så bør skipa påleggjast å bruke det i alle hamner der landstraum er installert.</p>	
--	--	--

<p><b>51.</b> <b>Fjord og Standa Cruisenettverk, Destinasjon Ålesund &amp; Sunnmøre</b></p>	<p><b>Kort samandrag:</b> Biodrivstoff (alt. 2a) må leggjast til grunn for overgangsordninga. Stranda og Fjord Cruisenettverk er tilfreds med at Sjøfartsdirektoratet erkjenne at teknologien ikkje vil vere moden nok til at større passasjerskip kan operere utsleppsritt i verdsarvfjordane i 2026. Det er difor svært positivt at direktoratet i høyringa opnar for ein overgangsmodell til 2036 slik at det er betre samsvar mellom regelverket og teknologiutviklinga. Stranda og Fjord Cruisenettverk vil sterkt åtvare mot å leggje direktoratet sitt alternativ 2b (biogass) til grunn for overgangsordninga. Alternativ 2b vil i praksis bety ei sterk svekking av lokalsamfunnet i Geiranger. Stranda og Fjord Cruisenettverk vil innstendig oppmode Sjøfartsdirektoratet til å leggje alternativ 2a (biodrivstoff) inkludert lavkarbo drivstoff som i EU regelverket, til grunn for overgangsordninga. Dette vil sikre 100.000 – 150 000 passasjerar årleg, utan å auke utsleppa. Det betyr svært mykje for små og sårbare lokalsamfunn som Geiranger og Hellesylt. Vi støttar Sjøfartsdirektoratet si vurdering om at dersom ei hamn kan tilby landstraum ved kai, så bør skipa påleggjast å bruke det i alle hamner der landstraum er installert.</p>	<p>Se kommentar til innspill fra Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, punkt 49.</p>
<p><b>52.</b> <b>Emobility Flåm AS</b></p>	<p>Emobility Flåm AS er helt avhengig av cruiseskipgjester. Vi anslår at omtrent 85 % av inntektene er knyttet til cruiseskip. Uten cruiseskip anløp til Flåm vil det ikke være økonomisk forsvarlig å drive vidare, da vil bedriften mest sannsynlig avvikles. Vi håper det finnes en løsning som gjør at det fortsetter å komme cruise skip til Flåm, slik at vi kan opprettholde driften og holde på våre ansatte.</p>	<p>Sjøfartsdirektoratet har nå gjort endringer i forslaget og presenterer to alternative forslag, som i større grad vil åpne for cruisetrafikk i 2026 enn det opprinnelige forslaget. Det er fremmet alternative forslag som åpner for bruk av andre drivstoff enn bare biogass, som vil gi mer trafikk i verdensarvfjordene. Mer trafikk vil gi bedre økonomiske rammebetingelser, trygge arbeidsplasser og bosetting i fjordene. Se vårt anbefalingsbrev for ytterligere informasjon.</p>
<p><b>53.</b> <b>Fjordsafari Norway AS</b></p>	<p>Me vil bidra i det grønne skifte, men skal me lykkes med grøn framdrift må ladeinfrastruktur og sjøkabel på plass.</p> <p><b>Energihub og infrastruktur</b> Ei rekkje verksemder i Aurland og Flåm gjekk tidleg saman om å jobbe med ein energi hub i Flåm der motivasjonen er å vera eitt føregangseksempel på det</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Se kommentar til Emobility Flåm AS, punkt 52.</p>



	<p>grøne skiftet. Landstraum til cruiseskip og utvikling av destinasjonen med elektriske bussar, ladestasjon til bilar og ladepunkt til elektriske båtar. Med Energihub på plass, vil dette gi eit stort løft og gjere det lang lettare å nå målet med Null Utslepp i Verdsarvsområdet.</p> <p>Inntekter frå cruise er ein avgjerande del av finansieringa. Konsekvensen av forslaget rundt nullutslepp i verdsarvfjordane har medført stor usikkerheit om det i det heile kjem cruisegjester etter 1. januar 2026. Dersom forslaget ikkje hadde skapt denne usikkerheita, er vår påstand at sjøkabelen og bygging av landstraum og ladeinfrastruktur, allereie hadde vært i gang. Det er frustrerende at nullutslepp forslaget undergrev vårt arbeid og andre næringsdrivande sitt arbeid med det grønne skifte. Me etterlyser en konstruktiv og forutsigbar dialog frå nasjonale myndigheter som understøtte dei lokale næringsdrivande i Flåm sin moglegheit til å skape en grøn reisemål.</p> <p><b>Konkurransesvriding</b></p> <p>Cruiseskip på besøk er ein hjørnestein til turistnæringa og kommunen. Tilboda her er arbeidd fram i nær 50 år, ein godt innarbeida marknad. Med ei nullutslepp 2026, er verken turistnæringa, kommune eller cruisenæringa klar til å handtere dette.</p> <p>Konsekvensen er at me står utan om lag årleg 200.000 gjeste på besøk. Vedtaket er ei klar konkurransevridding, der verksemdene, kommunen og området står att med enorme tap, sett i lokalt perspektiv.</p> <p><b>Det rettslege grunnlaget for tiltaka</b></p> <p>Flåm sin posisjon som cruisedestinasjon er eit resultat av langsiktig arbeid og samarbeid mellom privat næringsliv, kommune og stat. Me har lukkast med å etablere Flåm som ein destinasjon med høg kapasitet som tilbyr gjestene utflukter og unike opplevingar i heile regionen.</p> <p>Nullutslepp forslaget med biogass drivstoff inneber ingen endring i utslepp i verdsarvfjordane. Skipa lyt fylle biobaserte drivstoff tilsvarande energiforbruket i verdsarvfjordane 30 dagar før innkomst.</p> <p>Det er grunn til anta at under 1% av naudsynt bunkringsvolum normalt gjeld seglinga i verdsarvfjordane. Reelt forbruk i verdsarvfjordane vil altså vere &gt;99% fossile drivstoff. Det inneber ei frikopling av målet om reduserte utslepp i verdsarvfjordane og tiltaka som er foreslått.</p> <p>Cruiseaktørane kan enkelt tilpasse seg ved segle til nabohammer i fjordsystemet vårt. Høyringsbrevet manglar utredningar om den inngripen forslaget har på andre næringsdrivande og lokalsamfunnet opp mot</p>	
--	--	--

	<p>målet som skal nås med gjennomføre forslaget. Fjordsafari kan ikkje forstå at ein utgreiinga av forslaget er forsvarleg i forhold til en rettferdig klimapolitikk når det er så dårleg treffsikkerheit, og forslaget er mest inngripande for andre næringsdrivande. Slik vi forstår EØS-retten skal det være en forholdsmessigheit mellom restriksjonen sin inngripen opp mot at tiltaka må være egna og nødvendig for å oppnå formålet. Me vil med dette be om at det rettslege grunnlaget for forslaget blir avklart betre. Me har ikkje kompetanse til å vurdere det rettslege grunnlaget, men konsekvensane er så alvorlege at me ikkje kan utelukka at me må forfølge det rettsleg dersom forslaget blir vedteke slik det er fremma.</p> <p><b>Vårt bidrag og løysningsforslag</b> Fjordsafari AS vil med all vår kraft bidra til ein unik og levande verdsarvfjord. Fjordsafari Norway har arbeida aktivt med å utvikle et grønt framdrift på våre opne 12pax båtar. Me har delteke aktivt i å utvikle ei innovativ løysing for reisemål Flåm, ein energihub for framtidens reiseliv. Løysinga vil gjera at alle aktørane bidreg til at me oppnår store utsleppsreduksjonar både på land- og sjøbasert transport. Ein energihub i Flåm vil kutte to tredeler av utsleppa frå cruise, og i tillegg gjere det mogleg med elektrifisering av heile reisemålet.</p> <p>Tier III kravet er innført frå 2025. Frå 2026 må det for Tier III skip i tillegg være krav om bruk av landstraum. Landstraumanlegg i Flåm vil da bli etablert i tråd med Stortinget sitt tilleggsvedtak frå 2021. Løysinga blir vedteke som ei overgangsordninga som vil vare fram til 2035. Alle vil då kunne bidra med tiltak som har reell klimaeffekt, samtidig som me tek vare på den lokale verdiskapinga. Det vil være ein rettferdig klimapolitikk som får oppslutning og gjennomføringskraft.</p>	
<p><b>54. Flåm Bilutleie AS</b></p>	<p>Flåm Bilutleie AS er opptatt av bærekraft og er i en prosess der vi ønsker å fornye bilparken vår til mer miljøvennlige kjøretøy. Mye av inntektene til Flåm Bilutleie AS kommer fra cruiseskip gjester og en kraftig reduksjon i antall cruise skip anløp, eventuelt ingen cruiseskipsanløp til Flåm, vil ha stor negativ innvirkning på bedriften. Vi anslår at minst 35 prosent av inntektene våre er direkte knyttet til cruiseskip. Færre eller ingen cruiseskip anløp vil mest sannsynlig føre til en nedskalering av tilbud til turister i Flåm, noe som igjen vil gjøre Flåm til et mindre attraktivt reisemål for turister. Dette vil ha stor negativ innvirkning på næringslivet i kommunen. Vi mener at dersom det blir innført nullutslipp i Nærøyfjorden fra 2026 vil mange av cruise skipene velge andre havner i Sogn og det vil da medføre liten</p>	<p>Sjøfartsdirektoratet har nå gjort endringer i forslaget og presenterer to alternative forslag, som i større grad vil åpne for cruisetrafikk i 2026 enn det opprinnelige forslaget. Det er fremmet alternative forslag som åpner for bruk av andre drivstoff enn bare biogass, som vil gi mer trafikk i verdensarvfjordene. Mer trafikk vil gi bedre økonomiske rammebetingelser, trygge</p>

	<p>eller ingen miljøgevinst da mange av disse gjestene fortsatt ønsker å komme til Flåm da med f.eks buss.</p>	<p>arbeidsplasser og bosetting i fjordene. Se vårt anbefalingsbrev for ytterligere informasjon.</p>
<p><b>55. Flåmsbrygga Hotell AS</b></p>	<p>Vetlesyster AS er konsernmor for Flåmsbryggja Hotell AS, Flåmsbrygga Eigedom AS, Ægir Bryggeri AS, Fjordsafari Norway AS og Ægir Eigedom AS.</p> <p>Vår budskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aurland Kommune treng lenger tid til å få til overgangen til nullutslepp. 2026 er urealistisk og har for stor påverknad i høve samfunn, arbeidsplassar og reduserer verdien av investeringar som næringa allereie har lagt ned i Aurland/Flåm. For nokre verksemdar kan det vere kroken på døra.</li> <li>• Aurland Kommune må få høve til å bygge eit landstraumanlegg som også kan serve fleire enn berre cruisenæringa. Dette tek tid og store investeringar. Som følgje av dette må nullutsleppskravet flyttast på til dette er på plass. Den einaste måten vi kan sikre at cruisetrafikken framleis kjem til Flåm og at næringar i Flåm kan ha ei forutsigbar framtid der ein kan legge planar for nye tilbod, halde på – og etablere nye arbeidsplassar som ein del av eit levande samfunn.</li> <li>• Vårt inntrykk er at Aurland Kommune ønskjer å få til gode løysingar for alle; målet er å vere ein grøn destinasjon og for å få til det må alle spele på lag, - også Sjøfartsdirektoratet. Vi er av den oppfatning av at vi får til det vi vil saman, men viljen må vera på plass til å sjå etter løysingar som ikkje har så dramatiske konsekvensar slik forslaget frå direktoratet er no. Vi ber om at det ikkje må gå symbolpolitikk i dette, men at ein greier å lyfte blikket for å orientere seg mot kor store konsekvensar dette får for eit lite samfunn som Aurland Kommune.</li> </ul>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Sjøfartsdirektoratet har nå gjort endringer i forslaget og presenterer to alternative forslag, som i større grad vil åpne for cruisetrafikk i 2026 enn det opprinnelige forslaget. Det er fremmet alternative forslag som åpner for bruk av andre drivstoff enn bare biogass, som vil gi mer trafikk i verdensarvfjordene. Mer trafikk vil gi bedre økonomiske rammebetingelser, trygge arbeidsplasser og bosetting i fjordene. Se vårt anbefalingsbrev for ytterligere informasjon.</p>
<p><b>56. Flåm Utvikling AS</b></p>	<p>Forslaget vil få negative effektar</p> <p>Selskapet er offensive til omstilling og fokus på å sikre ei berekraftig framtid. Vi lever av og med naturen. Flåmsbana har vore elektrisk sidan 1947. Og vi jobbar kontinuerleg med å redusere fotavtrykket vi som selskap lagar. Men i følgje rapporten frå Menon så gir nullutsleppsvedtaket samla sett ingen miljøeffektar. Ein større andel gjester vil komme langs vegane, og vi veit at infrastruktur til både veg og parkering allereie er høgt belasta i og rundt Flåm.</p> <p>FU har kommersielt formål og alt overskot blir utdelt til eigarane kvart år. Den eine eigaren, Norways Best Group AS, har i alle år brukt dette overskotet på å vidareutvikle Flåm som reisemål. I 2016 vart det</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Sjøfartsdirektoratet har nå gjort endringer i forslaget og presenterer to alternative forslag, som i større grad vil åpne for cruisetrafikk i 2026 enn det opprinnelige forslaget. Det er fremmet alternative forslag som åpner for bruk av andre drivstoff enn bare biogass, som vil gi mer</p>

	<p>investert i nye nullutslepps fartøy på ruta Flåm-Gudvangen og det har blitt kjøpt totalt 3 slike fartøy fram til no. Vidare er det kome på plass elektriske bussar i Flåm og gjort andre tiltak for å redusere fotavtrykket. Dette viser at næringslivet i Flåm har både vilje og evne til omstilling, og å utvikle nye berekraftige driftsmodellar. Landstraum og energihub, slik Flåm Hamn planlegg for saman med næringslivet, er eit viktig tiltak for vidare utvikling. Men for å halde fram utviklinga krevje det kapital. Eit nullutsleppsvedtak vil gi redusert inntening i FU og andre bedrifter i Flåm, som igjen vil påverke eigarane si moglegheit for å vidareutvikle den heilheitlege reislivsopplevinga i Flåm. Og ein vil få ei negativ utvikling av Flåm som reisemål. Vedtaket vil soleis verke mot sin hensikt.</p> <p>I Flåm har vi ein proaktiv tilnærming til innovative og berekraftige løysingar som skal kutte klimautslepp. Men det må skje på ein måte som gjer at det er mogleg å vidareføre og utvikle det som allereie er skapt i Flåm. Vi støttar Flåm Hamn si tilnærming til å løyse problematikken gjennom landstraum og utvikling av ei energihub-løysing, som vil få ned utslepp både frå cruiseskipa og resten av sjø- og landbasert transport. Vi vil derfor sterkt oppmode til at overgangsordninga fram til 2035 også omfattar eit alternativ der skip som kan kople seg til landstraum kan segle inn i verdsarvområdet i tråd med TIER III regelverket. Dette er ei løysing som faktisk har ein effekt på miljøet. Gjennom ei slik overgangsordning vil ein ha grunnlag for å etablere landstraumanlegg i Flåm. Ei slik løysing vil gi oss grunnlag for framleis ha heilårsturisme og sikre ei berekraftig utvikling av Flåm som reisemål.</p>	<p>trafikk i verdensarvfjordene. Mer trafikk vil gi bedre økonomiske rammebetingelser, trygge arbeidsplasser og bosetting i fjordene. Se vårt anbefalingsbrev for ytterligere informasjon.</p>
<p><b>57. Flåm Zipline AS</b></p>	<p>Når cruiseskipa ikkje kjem vil det for oss i Flåm Zipline AS først og fremst bety at sesongen vår ikkje lengre varer frå 1. mai til 15 oktober, men truleg frå 1.juni til 15 september. Det vil sei frå 5,5 månader til 3,5 månader drift, fordi me har svært få andre enn cruisegjester i lavsesong. Det vil bli utfordringar med å få tak i arbeidsfolk for ein så kort sesong og det vil sjølv sagt gå utover aktiviteten gjennom heile sesongen. Det er ikkje sikkert at me kjem til å gå konkurs, men me føler likevel at å ødelegge det me har bygd opp er heilt unødvendig, når vedtaket heller ikkje vil gi nokon klimagevinst.</p> <p>Konklusjon: Me i Flåm Zipline AS meiner dette er eit unødvendig vedtak utan miljøeffekt. Vedtaket vil rasere ei lita bygd som i stor grad livnærer seg på turisme. Turismen held også liv i mange andre næringar i bygda.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Sjøfartsdirektoratet har nå gjort endringer i forslaget og presenterer to alternative forslag, som i større grad vil åpne for cruisetrafikk i 2026 enn det opprinnelige forslaget. Det er fremmet alternative forslag som åpner for bruk av andre drivstoff enn bare biogass, som vil gi mer trafikk i verdensarvfjordene. Mer trafikk vil gi bedre økonomiske rammebetingelser, trygge arbeidsplasser og bosetting</p>

		i fjordene. Se vårt anbefalingsbrev for ytterligere informasjon.
<b>58. Foto Longauer/LJ ÔS Candles</b>	Vi, til liks med andre næringsaktører lokalt, foreslår at det må innrettes et regelverk der skipene som kan segle i verdensarvfjordene fra 2025, også kan segle her etter 2026. Landstrøm er en tilgjengelig teknologi for skipene, og havna kan etablere det dersom skipene kan fortsette å komme. Gjennom regelverket bør Sjøfartsdirektoratet legge til rette for at denne utviklingen skjer, ved å akseptere Tier III skip på landstrøm i årene som kommer.	Tatt til orientering.  Se kommentarer til tidligere innspill, f.eks punkt. 57. Se også anbefalingsbrevet for mer informasjon.
<b>59. Flåm Ferdaminne</b>	<p>Heilårsbedrift i Flåm. Det har kosta, men alle næringsdrivande i Flåm har hatt ønske om å utvikle Flåm til å bli ein heilårsdestinasjon, og dette har litt etter litt gitt resultat. I 2019 greidde me for første gong å ha ope i 12 månader.</p> <p>Situasjonen er no uføreseieleg, me stengjer dørene før jul og opnar att i februar-mars 2024. Me kan ikkje tære på oppspart kapital med spøkelset 2026 framfor oss. Flåm og Aurland er sette tilbake 20-30 år. Frustrasjonen er sjølvsagt enormt stor då det frå kommune/hamnevesen, i samarbeid med tunge aktørar, er kome konkret innspel som er berekna å ville gi ein betydeleg miljøgevinst gjennom ei storstilt elektrifisering av passasjertrafikk både på land og sjø. Kvifor blir det ikkje lagt vekt på rapporten frå Aurland kommune og hamnevesenet? Det har seg dessutan slik at Flåm allereie praktiserer dei strengaste reglane for cruiseanløp. Kva med satsinga på å utvikle hybrid og heilelektriske båtar for trafikk på Nærøyfjorden? Og kva med EØS-regelverket?</p> <p>Lat oss håpe at eit eventuelt vedtak vil bli prøvd for retten, her vil nok fleire gjerne bidra. Slik eg har forstått, er det ikkje Unesco, eller det at Nærøyfjorden (og ikkje Aurlandsfjorden) er blitt Verdsarvfjord, som har ført til kravet om nullutslepp. Mange mistenkjer at ein er villig til å ofre Flåm i håp om å oppnå ein miljøpolitisk gevinst, altså rein symbolpolitikk. Dette har som nemnt ingen positiv innverknad, verken lokalt eller globalt. Cruisereideria må jo tolke dette som eit skritt for å fjerne cruisetrafikk frå desse områda, ikkje som ein motivasjon for sterkare satsing på miljø. Denne satsinga er alt godt i gang, og alle må vere klar over at cruiseturismen er kommen for å bli, det er berre eit tidsspørsmål før cruise er den turistforma som kan handtere høgt volum på den mest bærekraftige måten.</p>	Tatt til orientering.  Se kommentarer til tidligere innspill, f.eks punkt. 57. Se også anbefalingsbrevet for mer informasjon.

<p><b>60.</b> <b>The Bronson AS</b></p>	<p>Eg er dagleg leiar for ei lita reiselivsbedrift i Flåm, Aurland, som driv både med utleige av feriebustader, men også matservering.</p> <p>Den direkte konsekvensen av framlegget for oss vil med stor sannsynlegheit bety oppseiing av faste tilsette og innføring av ein arbeidsstokk av sesongtilsette, som me i dag kan halde i drift året rundt.</p> <p>Inntekter frå cruisetrafikken er ekstremt viktig for at me kan senke skuldrane og halde eit aktivitetsnivå gjennom lavsesongen som fremjar heilårsturisme. Dette kjem til å stoppe opp for vår del, då me må "skru av motoren" ved sesongslutt. Praktisk talt vil det føre til at store deler av Flåm/Aurland vil bli ei spøkelsesbygd i størstedelen av året.</p> <p>Flåm har i dag eit fantastisk internasjonalt lokalmiljø, og dette framlegget kjem direkte til å føre til fråflytting for ein stor del av desse. Vår stilling til dette framlegget, er at det ikkje bør innførast, men at ei løysing med landstraum er ei mykje grønarare løysing som også tar omsyn til lokalmiljøet.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Se kommentarer til tidlige innspill, f.eks punkt. 57. Se også anbefalingsbrevet for mer informasjon.</p>
<p><b>61.</b> <b>Geiranger Fjordservice AS</b></p>	<p>Geiranger Fjordservice er positive til nullutslipp i verdensarvfjordene.</p> <p>En forutsetning er at infrastruktur er på plass. Her er det et forvaltningsansvar, for å nå de klimamål man har satt seg i verdensarvfjordene.</p> <p>Geiranger Fjordservice med lokal hjemmehavn og base i Geiranger, er avhengig av tilgang til strøm. Våre hovedmål er å drifte batteridrevne fartøy fremadrettet, og så hurtig det er praktisk mulig. Men det kraver tilgang til strømkapasitet for å lade fartøyer og batteribanker.</p> <p>Vi ber SFD legge til rette for en forutsigbar og realistisk overgangs-/dispensasjonsordning for denne gruppen av mindre fartøyer fra 12 pax – 10 000 BT, på samme måte, som da forskriften trådte i kraft 1. mars 2019. Denne må være basert på fakta og infrastrukturelle realiteter i den enkelte havn som for eksempel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilgjengelig infrastruktur</li> </ul> <p>Tid til realisering av konkrete planer for å imøtekomme loven i henhold til tilgjengelig infrastruktur. Herunder ombygging av fartøy for å oppfylle nullutslipsreglene i verdensarvfjorden</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tilstrekkelig utbygd infrastruktur, særlig med tanke på strømtilgang, er en utfordring i forbindelse med å stille nullutslippskrav. For å gi tilstrekkelig forutsigbarhet, har Sjøfartsdirektoratet valgt å ta med en overgangsperiode med varighet i 10 år.</p>
<p><b>62.</b> <b>Voss Herad</b></p>	<p>Som verdsarvkommune har Voss herad engasjert seg i det politiske arbeidet med å få på plass ei betre forvaltning av/strengare reguleringar i verdsarvfjordane. Endringa i regelverket som vart innført av Sjøfartsdirektoratet frå 2019 var ein svært viktig milepæl for forvaltninga av verdsarvområdet. Det er svært viktig at miljøutsleppa til vatn og luft i dei norske verdsarvfjordane vert kraftig redusert og til slutt heilt eliminert i åra som kjem.</p> <p><b>Kommentar til høyringskrivet</b></p> <p>Framlegg til regelverket frå Sjøfartsdirektoratet om eit særskilt nullutslipsregelverk for</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Se kommentarer til tidlige innspill, f.eks punkt. 57. Se også anbefalingsbrevet for mer informasjon.</p>

